



Tysnes
kommune

ØKONOMIPLANPERIODEN 2023 – 2026

Vedteke av kommunestyret 15.12.2022

INNHOLD

Føremålet med notatet.....	6
Endringslogg	7
2 Innleiing og bakgrunn	9
3 Rammevilkår	11
3.1 Kommunelova – økonomiplan og årsbudsjett	15
3.2 Folketalsutvikling	15
3.3 Demografi og prioriteringar	19
3.4 Økonomiske føresetnader.....	22
3.4.1 Rammetilskot og skatt – frie inntekter	22
Skatt:.....	22
Rammetilskot.....	22
Andre føresetnader frå statsbudsjettet.....	23
Energi.....	24
3.4.2 Økonomiske rapportar.....	25
3.4.3 Eigedomsskatt.....	31
3.4.4 Gebyr og tilfeldige inntekter.....	32
3.4.5 Lån og avdrag	33
3.4.6 Verknad av fond	35
3.4.7 Andre føresetnader	37
4 Gjennomgang av dei ulike tenesteområda	38
4.1 Sentraladministrasjonen, stab/støtte, Kultur/næring, politisk styring – houdkapittel	42
4.1.1. Administrasjon, styring og fellesutgifter - data	42
4.1.1.1 Politisk styring, kommunestyre, formannskap og nemnder.....	44
4.1.1.2 Administrasjon og felleskostnader	47

Ansvar 1120 Rådmannskontoret.....	48
Ansvar 1150 Administrasjonsbygg	49
Ansvar 1180 Fellestenesta.....	49
Ansvar 1181 tillitsvalde.....	50
4.1.2. Næringsutvikling, reiseliv, veterincør og alkoholomsetnad - data	51
4.1.2.1 Næringsutvikling og reiseliv	52
Ansvar 1430 næringsutvikling	53
Ansvar 1434 reiseliv	53
ansvar 1455 Veterincør og ansvar 1456 Veterincersamarbeid.....	54
Ansvar 1460 alkoholomsetnad og kontroll	54
4.1.3 Kultur - data	56
4.1.3.1 Kultur / Tysneshallen / bibliotek	57
Ansvar 1500 Kultur	57
Ansvar 1510 Bibliotek	60
4.1.4 Kyrkjeleg administrasjon.....	61
4.2 Oppvekst – hovedkapittel 1.2.....	62
4.2.1 Administrasjon	62
4.2.2 Grunnskule – data.....	63
4.2.3.1 Grunnskule	64
4.2.4 Barnehage - data	66
4.2.4.1 Barnehage.....	68
4.2.5 Kulturskule - Data	70
4.2.5.1 Ansvar 2301 Kulturskule	71
4.2.6 Vaksenopplæring og opplæring av framandspråklege.....	72
4.2.7 Tenester for barn og familie-Data	73
4.2.7.1 Tenester for barn og familie	76

Ansvar 2910 psykisk helsearbeid barn og unge	77
Ansvar 3120 helsestasjon og jordmorteneste	77
Ansvar 3201 Barnevern.....	77
4.3 Helse- og omsorg – hovedkapittel 1.3.....	78
4.3.1 Administrasjon	78
4.3.2 Helse - data.....	79
4.3.2.1 Helse	81
Ansvar 3100 Offentleg legearbeid og legekontor.....	81
Ansvar 3130 Fysioterapi.....	82
Ansvar 3140 Ergoterapi.....	83
Ansvar 3370 Psykiatri.....	83
4.3.3 NAV – sosiale tenester – Data.....	84
4.3.3.1 NAV – sosiale tenester	86
4.3.6 Pleie og omsorg-Data	87
4.3.6.1 Pleie og omsorg	91
Ansvar 3310 Tysnes omsorgssenter	91
Ansvar 3330 heimesjukepleie og Ansvar 3340 Heimehjelp	92
Ansvar 3351 Haugen bufellesskap og ansvar 3352 Vågsmarka bufelleskap	94
Ansvar 3410 Dagsenter	94
Tiltak for funksjonshemma.....	94
4.3.7 Trygde og omsorgsbustader.....	95
4.3.8 Friviljugsentralen.....	96
4.4 Landbruk og teknisk – hovedkapittel 1.4	97
4.4.1 Jordbruk – Skogbruk – Viltforvaltning.....	97
4.4.2 Kart – oppmåling - skilting.....	98
4.4.3 Byggforvaltning.....	98

4.4.4 Brann- Data.....	99
4.4.4.1 Brann	101
4.4.5 Teknisk drift-data.....	102
4.4.5.1 Teknisk drift.....	105
5.4.5.1 Bygg og eigedomsforvaltning	106
5.4.5.2 Vegar	106
4.4.5.4 Kloakk/renovasjon/vatn.	107
6 Investeringar i økonomiplanperioden.....	107
6.1 Administrasjon og økonomi	108
6.2 Nye bygg og anlegg.....	110
6.3 Eksisterande bygg og anlegg.....	112
6.4 IKT og applikasjoner	114
6.5 Eigedom, bustad og næring	115
6.6 Enkeltinnkjøp og andre investeringar	116
6.7 Vassforsyning	117
6.8 Avløp og vassmiljø	118
6.9 Kommunale vegar	119
6.10 Oppsummering og finansiering	120
7 Økonomiske rapportar	121

FØREMÅLET MED NOTATET

Rådmannen legg fram notatet som eit utgangspunkt for politiske drøfting i samband med budsjettframlegg for 2023 og økonomiplanperioden 2023– 2026.

Notatet skal verka til å synleggjera dei val som er gjort i budsjettet og også peika på moglege tilnærmingar i det vidare arbeidet.

På dei områda der det er god statistikk har me prøvd å visa til denne for å kunna gje eit anna grunnlag å drøfta ut frå, me har nytta KOSTRA statistikk frå 2021 som grunnlag.

Notatet er meint å vera innleiinga til formannskapet sin budsjettprosess og det vil truleg vera område som må utforskast nærmare og det kan også vera trond for å retta opp ting fram til formannskapet gjer sitt framlegg til budsjettvedtak.

ENDRINGSLOGG

Dokumentet vert fortløpande justert i samsvar med politiske føringar frå formannskap som økonomiutval. Alle endringar gjort under den politiske førehavinga vert ført som endringslogg i notatet i tillegg til føring gjennom formannskapet si møtebok. Målet er å gjera notatet så lett tilgjengeleg som mogleg og det vert då lagt vekt på at notatet skal kunne gje eit sjølvstendig bilet og lesast uavhengig.

Endring sidan førre versjon:

- *Retta feil i diagram som viser forhold mellom utgiftsbehov og ressursbruk*
- *Retta feil i tabell under helse*
- .

Endring som føl av formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan slik den ligg foreslått, med følgjande endringar:

1. *Forventa skatteinntekt blir justert opp med kr 300.000, i tråd med Kontali sin rapport om forventa skatteinntekt frå havbruksnæringa i 2023.*
2. *Eigedomsskatten blir ikkje auka med 3,7%, men står fast på same kronebeløp som i 2022.*
3. *Ein legger ikkje opp meir sommarstengte barnehagar slik som foreslått i budsjett, og aukar utgiftsbehovet med kr 300.000. Når rådmann leitar etter innsparingar for året 2024 ser kommunestyret at ein også kan sjå etter innsparingar i barnehagen, men dette må behandlast i SU og andre medverknadsorgan.*
4. *Legger opp til tiltak for straumsparing tilsvarande kr 300.000. Dette er forventa gevinst på investeringar som ligg i økonomiplan. Utgift til straum blir difor justert ned kr. 300.000. Det skal leggast fram sak for formannskapet med forslag til sparetiltak tidleg 2023.*
5. *Justerer netto driftsresultat kroner minus 161.500*
6. *Kommunestyret aukar posten på investering på 6.6 «Vaktbil brannvesen» til kr. 825.000.*

Tekstframlegg

1. Kommunestyret ynskjer at treffstad for ungdom fortsetter å ha opent to dagar i veka også i 2023. Dette skal løysast gjennom å nytta eksisterande ressursar i eining «Barn og familie». Det kan flyttast ressursar i barnevernet frå forvaltning til førebyggande arbeid når situasjonen tilseier dette. Dette kan også gjennomførast i samarbeid med frivilligsentralen.
2. Kommunestyret ynskjer at ein også i 2023 klarar å gjennomføra seniortreff saman med frivillige lag og organisasjonar. Det kan søkast midlar til dette gjennom handlingsplan for «leve hele livet»

Endringar er lagt inn som tekstdel og eller oppdaterte tabellar i følgjande kap:

3.4.3 – Eigedomsskatt – tekstdel er supplert

4.0 – Tabell justert etter vedtak

4.1.3.1 – Tysneshallen – tabell er justert

4.2.4.1 – Barnehage – tekst og tabell er justert

4.4.5 – Teknisk drift – tabell er justert

6.6 – Enkeltinnkjøp og andre investeringar – tabell er justert

6.10 – Finansiering og oppsummering – tabell er justert

Oppdaterte rapportar:

3.4.3 Økonomiske rapportar

- Økonomisk oversikt drift
- Bevilling drift
- Økonomisk oversikt investering

Økonomiske rapportar er også lagt som eige vedlegg i avslutning av dokumentet

3.4.4 Oppdaterte grafar:

- Utvikling gjeld

- *Utvikling gjeldsgrad*
- *Utvikling renter og avdrag*

2 INNLEIING OG BAKGRUNN

Budsjett for 2023 er prega av stor uvisse og redusert handlingsrom. Me vurderer at den rette tilnærminga inn mot 2023 er å fokusera på kjerneverksemda og gjera det som er naudsynt for å sikra gode tenester for innbyggjarane våre også i fortsetjinga. Me har også eit fokus på å oppretthalda avtaler og tilskot på ein måte som er føreseieleg for omgjevnadane. Budsjett for 2023 er kanskje først og fremst ein inngangsport til eit vidare arbeid med budsjett for 2024.

Usikre inntekter:

Det er fleire av kommunen sine grunnleggjande inntekter som er omspunne av ein viss uvisse inn i 2023.

Det ligg i dag føre ein St.prp. om ordninga med fritt behandlingsval. Tysnes kommune har årlege leigeinntekter tilsvarende om lag kr. 1,5 mill. frå utleige av gamle sjukeheimen. I tillegg til dette er Mestringshusene ein viktig lokal arbeidsplass. Slik det ser ut per tidspunkt går det mot avvikling av ordninga med fritt behandlingsval med ein overgangsperiode på eitt år.

Leigeavtalen på næringskaien på Heningen går ut i 2023. Kaien har gitt oss årlege leigeinntekter i storlek kr. 600` per år, det er tvilsamt om det vil vera interesse for å fornya denne.

Det ligg p.t. eit framlegg til nytt inntektssystem for kommunane, dette vil truleg gjelda frå og med 2024. Mellombels vurdering av framlegga som no ligg føre kan tyde på at me får eit inntektstap på om lag kr. 1100 per innbyggjar, dette utgjer om lag kr. 3,2 mill. i tapte årlege inntekter.

Utbetalingar frå havbruksfondet har alltid vore uføreseielege, men innføring av grunnrenteskatt gjer at inntekter frå havbruk får ein ny og usikker faktor. Finansministeren har sjølv garantert at vertskommunane skal koma betre ut av dette økonomisk og at kontantstraumen også skal bli meir føreseieleg, men korleis dette skal gjerast er ennå veldig uklart. Me er også urolege for kva skatten gjer i høve til investeringar mellom anna på Nedrevåge og på Alsaker brygge sør. Til slutt har me med oss konklusjonane frå den offentlege utgreiinga leia av Karen Ulltveit Moe der det vart argumentert sterkt for full omfordeling mellom kommunane.

Me ser også uvanlege store avvik mellom KS og regjeringa sitt inntektsanslag for kommunen, me har lagt til grunn regjeringa sitt anslag, men noterer oss at KS legg til grunn at inntektene våre vert omlag kr. 4 mill. lågare enn det som er lagt til grunn i vårt budsjett.

Usikre utgifter:

Prisutviklinga siste år har vore uvanleg høg. Regjeringa har lagt til grunn ein samla løns- og prisvekst for 2022 på 5,3 %, i dette anslaget ligg det inne ein kostnadsvekst på 7,3 % for varer og tenester og heile 7,5 % på investeringskostnader. For 2023 er det lagt til grunn ein svært høg lønsvekst som definitivt vil slå hardt inn i våre budsjett.

Energiprisar er blitt eit heilt eige kapittel, me ser at vår samla energikostnad har gått frå om lag kr. 2,9 mill. i 2020 til kr. 5,8 mill. i budsjett for 2023. Me er langt frå sikre på at det er tilstrekkeleg å budsjettera til 5,8 mill., men her må me leggja til grunn at regjeringa lukkast i sitt arbeid for å sikra langsiktige kontraktar for næringsaktørar.

Kva som skjer med rentebananen er også usikkert. Me har no lagt til grunn eit rentenivå på 4 % i økonomiplanperioden, men her er det mange faktorar som kan føra renta inn i nye baner. Kostnadsveksten me ser akkurat no er i stor grad drive fram av auka kostnader på grunnleggjande innsatsfaktorar som også har låg forbrukselastisitet. Me har mindre tru på at auka rentenivå er rett medisin no, det kan like gjerne føre oss inn i ein stagflasjon som ut av ein inflasjon. I seg sjølv er det urovekkande at anslaget for lønsoppgjeret neste år er så høgt.

Me har fleire usikre faktorar i vår eiga drift. Den aller største er truleg kostnadsnivået på legekontoret frametter, me ser at arbeidsmarknaden for legar er arbeidstakar sitt marknad der ulike kommunar byr over kvarandre for å løysa sine eigne rekrutteringsutfordringar. Truleg må også Tysnes kommune inn i denne lønsspiralen om me skal lukkast med å rekruttera ny kommuneoverlege.

Det er også usikre utgifter knytt til nye skattereglar for arbeidsgjevaravgift, ein ordning som ikkje synes å vera utgreidd ennå.

Me ser også at det framleis er usikkert korleis rekneskapen for 2022 går i hop. Skatteinntektene har ikkje hatt ein så positiv utvikling som me føresette i revidert budsjett. Me slit ennå med å få avklart korleis kommunane skal verta kompensert for meirutgifter i samband med Covid19, for vår del utgjer dette store beløp. Det er også heilt umogleg å få ut informasjon knytt til utbetalingar frå Havbruksfondet i inneverande år, me har budsjettet med omlag kr. 8 mill. i utbetalingar for inneverande år.

Mykje bra

Til slutt så trur rådmannen at det er viktig å ha fokus på at mykje er bra også! Kommunen har disposisjonsfond som gjer oss nok områdingstid til å også møta meir krevjande økonomiske tider. Når me har lagt budsjettet for 2023 styrkar me deler av tenesta der det er heilt naudsynt, samstundes må me erkjenna at me må nytta 2023 til å ha ein omfattande gjennomgang av organisasjonen og korleis me løyser oppgåvane våre no og korleis me bør løysa dei i framtida. Det er eit spanande arbeid!

Arbeidet med digitalisering går sin gang og me tar nye steg på dette område også i 2023. Me kan her nemna overgang til fullelektronisk arkiv, nytt sak og arkivsystem, nytt fagsystem for barnevern, nytt fagsystem for sosial, nytt bestilling til betalingssystem, ny kommunal nettside, nytt intranett, ny heimeside for biblioteket, implementering av Min kommune, digitale skjema, e-byggesak for å nemna noko. Me ser også at me må følgja opp Dighelse og DigiHelsestasjon.

I budsjettet som me no legg fram styrkar me open omsorg, dette er etter vårt syn naudsynt om me skal kunne løysa våre lovfesta oppgåver. Det er viktig å peika på at me også opprettheld oppgåver som ikkje er pålagt gjennom lov. Vårt mandat er samfunnsbygging og ikkje berre rein tenesteproduksjon, då er det viktig at me opprettheld gode ordningar og tilskot mellom anna for frivillige lag og organisasjoner.

Det er til slutt viktig å presisere at dette berre er eit framlegg til formannskapet sitt vidare arbeid med budsjett, det er nok ein del ting som må rettast etter kvart og ein del som må innarbeidast i løpet av den budsjettmånaden formannskapet no går inn i. Lukka til!

3 RAMMEVILKÅR

I administrasjonen sitt arbeid med budsjettframlegg startar me alltid med ein runde i høve til kva som er styrande for vårt arbeid med budsjett, me har i dette arbeidet teke utgangspunkt i følgjande generelle målbilete:

Tenester av høg kvalitet til rett tid og med rett innhald.

Ein god forvaltning av personal som sikrar rekruttering og attraktivitet

Folkevald styring - gjera
Tysnes til ein god stad å
bu og arbeida

God økonomisk styring som skaper rom for utvikling, gjev drifta god stabilitet og skaper føreseielege rammer for samfunnet.

Utvikling og endring for å sikra tenester og rammevilkår for morgondagens drift

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt til grunn ein del hovudstrategiar som også må få si avspegling i budsjett, samfunnsplanen legg til grunn følgjande overordna mål for utviklinga.

Tysnes skal vera eit attraktiv samfunn å bu i!

Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å:

- tilretteleggja for gode bumiiljø for både fastbuande og deltidsbuande.
- medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar
- sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår
- sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg
- sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid.
- sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur,

Kommunestyre har gjennom sitt budsjettvedtak for 2022 gjeve følgjande føringar for budsjettarbeidet for 2023:

« - Det skal i 2022 lagast plan på innsparing i drift i på kr. 3 000 000,-, som skal leggjast fram for kommunestyret til budsjetthandsaminga hausten 2022. Dette for å rusta seg for å handtere auke i gjeld i åra som kjem.

- Tysnes kommune kan forventa rundt 4 millionar kroner frå Havbruksfondet i 2022. 70 % skal nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lån. 30 % kan leggjast på netto driftsresultat.
- Sak om disponering av midlar frå havbruksfondet skal leggast fram som eigen sak i 2022.
- Summen på «6.2 Nye bygg og anlegg» til nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter blir ståande. Før ein startar bygging skal det leggjast fram eigen sak til politisk behandling.
- Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføra utgreiing av reell intern kostnad for dei ulike gebyrområda på bygesaksområdet (plan, byggesak, oppmåling m.m.), og leggja dette fram som grunnlag for politisk handsaming av gebyr for 2023. «

TENESTER

Oppretthalde tenestetilbodet

Konsolidere drifta

Sikra føreseielege rammer for framtidig drift

Tenester knytt til helse og pleie- og omsorg

PERSONAL OG ORGANISSJON

Rekruttering innan helse og omsorg

10 faktor undersøkinga

Organisasjonstilpassingar

Auka nærvær

ØKONOMI

Innsparing i drift tilsvarannde kr. 3 mill.

Netto driftsresultat på 0,8 %

Dispositionsfond på 15 %

Gjeldsgrad under 100 %

UTVIKLING

Kommuneplan

Oppfølging av planstrategi

Strategiplan for kvalitetsarbeid

Prioriterte investeringar

**Folkevald styring -
gjera Tysnes til ein god
stad å bu og arbeida**

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt til grunn ein del hovudstrategiar som også må få si avspegling i budsjett, samfunnsplanen legg til grunn følgjande overordna mål for utviklinga.

3.1 KOMMUNEOVA – ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT

Kommunelova kap. 14 handlar om kommunen sitt ansvar for å utarbeida årsbudsjett og økonomiplan, i § 14- 1 heiter det at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretake over tid. For å nå eit slikt mål er me avhengig av ein balansert økonomistyring, der me forutan driftsresultat også har eit godt fokus på gjeld og fondsavsetningar.

Det følgjer av § 14-2 at kommunestyre sjølv skal vedta budsjett og økonomiplan. I § 14-3 er dei nærare saksreglar for kommunestyre si handsaming oppstilt. Det er formannskapet som utarbeider framlegg til budsjett og økonomiplan. Økonomiplan med framlegg til vedtak skal leggjast ut til ålment ettersyn minst 14 dagar før den vert endeleg handsama i kommunestyre.

§ 14-4 stiller krav til innhald i budsjett og økonomiplan. Økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar vert fylgt opp. Økonomiplanen og årsbudsjett skal vidare visa kommunestyre sine samla prioriteringar og løyvingar og dei måla som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Låneopptak skal gå fram i årsbudsjettet. Det er vidare føresett at økonomiplan og årsbudsjett skal setjast opp i balanse, vera realistiske, fullstendige og oversiktlege.

Årsbudsjettet skal etter § 14-5 vera bindande for kommunestyre og underordna organ. Det vert også presisert at drifta skal finansierast av løypande inntekter.

For ei vidare utdjuping av rammene for budsjettarbeidet vert det vist til kommunelova kap. 14, men også kap. 15, 16, 28 og 29 inneheld økonomivedtekter som er relevante for å gje eit samla bilet av kommunen si økonomiforvaltning.

3.2 FOLKETALSUTVIKLING

Folketalsutviklinga, under dette den demografiske samansetninga, er grunnlaget for kommunen sine inntekter gjennom statleg rammefinansieringa. Statleg finansiering byggjer på ei gjennomsnittsutvikling på nasjonalt makronivå og ei stykkprisfinansiering basert på gjennomsnittleg kostnad. Demografi er også forklaringsfaktor for kommunen sitt utgiftsnivå, kommunale tenester vert retta mot bestemte aldersgrupper så samansetninga av grupper utgjer såleis kommunen sin kostnadsbase.

Tommelfingerregel er at om me skal kunna oppretthalda vår relative del av inntekta må folkeveksten i kommunen vera minst like stor som resten av landet, for at me skal auka vår relative inntektsdel må kommunen ha større vekst i folketalet enn resten av landet. Regelen er ikkje heilt rett då også den demografiske fordelinga er viktig for kommunen si inntektsutvikling, dette er knytt til at inntektsnøklar heng saman med demografisk fordeling.

Tabellen under viser SSB si prognose for folketalsutvikling for Tysnes kommune. Det kom nye prognosar hausten 2020 og me ser at dei er veldig konservative, dei seinare åra har me hatt ein betre tilvekst enn det som er lagt til grunn i prognosane noko me går ut frå at me vil ha også frametter. Folkeveksten på Tysnes er heilt marginal fram til 2030. Me ser også at me allereie i inneverande økonomiplanperiode kan venta ein reduksjon i gruppa 0-5 år noko som vil kunna redusera talet på barnehageplassar frå og med 2023. Elevtalsutviklinga er positiv med eit toppår i 2025, dette er positivt! Me merkjer oss elles at det er ei jamn vekst i talet på innbyggjarar over 67 år, det er interessant å merkja seg at veksten i denne aldersgruppa ligg noko under tilsvarende anslag på nasjonalt nivå. Det samla nasjonale vekstanslaget fram til 2030 er på berre 2,2 %. Veksten i yrkesaktiv befolkning er lav noko som kan utfordra dagens økonomiske rammer både nasjonalt og lokalt.

	2022	2023	2024	2025	2026	2030	Endring i øk.plan perioden	Endring fram til 2030	Endring nasjonalt
0-5 år	201	182	172	156	145	132	-27,86 %	- 34,33 %	-0,73 %
6-15 år	320	331	338	340	338	319	5,63 %	- 0,31 %	-7,05 %
16-66 år	1651	1614	1596	1590	1591	1605	-3,63 %	-2,79 %	2,75 %
67 år +	711	730	731	737	742	771	4,36 %	8,44 %	20,98 %
SUM	2883	2857	2837	2823	2872	2827	-0,38 %	1,94 %	4,30 %

Tabell 3.2.1 Folketalsutvikling Tysnes kommune på grupper 2020 – 2030, basert på framskriving etter SSB si prognose med middels nasjonal vekst.

Tabellen under viser faktisk folketal per 1. januar frå 2017 og fram til 1. januar 2022. No har me etter dette hatt ei positiv folketalsutvikling etter 1. januar som då ikkje er fanga inn i tala, p.t. er folketalet 2913.


I perioden frå 2017-2022 har me hatt høg vekst i aldersgruppa 2-5 år, dette kan forklara at utgifter til barnehagedrift dei seinare år har gått opp. Me ser samstundes tendensar til at veksten her flatar litt ut siste år. Utover dette har me hatt ein relativt høg vekst for aldersgruppa over 67 år i perioden noko som har medverka til å auka kostnader innanfor pleie- og omsorg.

År	2017	2018	2019	2020	2021	2022 ¹	Endring % Siste år	Endring % periode
Innbyggjarar i alt	2847	2857	2846	2898	2924	2883	-1,40 %	1,26 %
0-1 år	58	58	65	76	68	56	-17,65%	-3,45 %
2-5 år	126	121	133	133	142	145	2,11 %	15,08 %
6-15 år	294	299	307	309	326	320	-1,84 %	8,84 %
16-22 år	252	242	218	228	228	205	-10,09 %	-18,65 %
23-66 år	1493	1486	1475	1474	1477	1446	-2,10 %	-3,15 %
67-79 år	415	433	451	486	489	514	5,11 %	23,86 %
80-89 år	168	163	158	162	159	157	-1,26 %	-6,55 %
90 år og over	41	42	39	30	35	40	14 %	-2,44 %

Tabell 3.2.2 Folketalsutvikling Tysnes kommune på funksjonelle grupper 2017– 2022, faktiske tal per 1.kvartal


Utgiftsbehovet for ein kommune vert fastsett etter ein rekke demografiske faktorar, grafen under viser at Tysnes kommune har eit relativt større utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet og også noko høgare enn for vår eiga KOSTRA gruppe.

¹ Tal per januar 2021, ved utgong av 2. kvartal er folketalet 2921




Inntektssystemet er i stor grad bygd på demografi, med eit lågt folketal i botn er me sårbar for demografiske svingingar frå eitt år til eit anna. God økonomisk stabilitet føreset det at me er i stand til å gjera avsetningar til fond for å ta unna for dei verste svingingane.

Me ser av figuren under at det særskilt er områda pleie og omsorg, kommunehelseteneste og adm.styring/fellesutgifter at Tysnes har større utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet:




3.3 DEMOGRAFI OG PRIORITERINGAR

Kommunen tilbyr tenestene sine til ulike aldersgrupper, difor er demografi kritisk viktig om du også vil forstå korleis kommunen organiserer og prioriterer drifta si. Det klart største einskildområde i Tysnes er pleie og omsorg, fylgt av barnehage og grunnskule. Figuren under viser ein skjematisk oversikt over kva kommunen brukar pengar på. Det som i figuren under er sett som andre områder omfattar mellom anna brann og redning, samferdsle og kyrkje. Samla nyttar Tysnes kommune om lag kr. 75.000 per innbyggjar.



Figuren under viser ressursbruk som forhold mellom kommunen sine eigne utgifter på tenesteområde og landsgjennomsnittet. Dersom ressursbruken er høgare enn 100 % så betyr det at kommunen nyttar ressursar enn landsgjennomsnittet. Ressursbruk er eit uttrykk for prioritering.



3.4 ØKONOMISKE FØRESETNADER

Kommunen skal leggja fram eit budsjett der løypande inntekter og utgifter går i hop. Dei viktigaste inntektene til kommunen er sett saman av rammetilskot og skatt, forutan dette har kommunen inntekter gjennom eigedomsskatt og andre inntekter slik som leige- og gebyrinntekter.

3.4.1 RAMMETILSKOT OG SKATT – FRIE INNTEKTER

I statsbudsjettet for 2023 er det lagt opp til ein generell auke i frie inntekter for Tysnes kommune på 2,3 % frå forventa rekneskap 2022 til 2023. Gjennomsnittleg vekst for Vestland ligg på 3,5 %, mens heile landet også ligg på 3,5 %. Med andre ord ligg me lågt på inntektsanslaget for 2023 samanlikna med mange andre kommunar, i kroner utgjer differansen opp mot gjennomsnittet om lag kr 2,9 mill.

Totalt pårekna frie inntekter er berekna til kr 242 573 000, av dette utgjer rammetilskot 53,4 % medan pårekna skatt etter utjamning utgjer 46,4 %.

SKATT:

Berekninga på skatt tar utgangspunkt i nivået på skatteinntekter for 2021 desse vert så framskrive i tråd med det samla skatteanslaget. I realiteten betyr dette at anslaget byggjer på ein føresetnad om lik skattevekst per innbyggjar, med fordeling som i 2021. Her kan det merkast at KS har ein alternativ modell for berekning av skatteinntekter der dei tar nytte gjennomsnittleg skatteinngang 2019-2021 som basis for berekning av skatt i 2023. KS sin modell har relativt store avvik samanlikna med skatteanslaget etter statsbudsjettet, KS sin modell for inntektsanslaget gjev ein inntektsreduksjon samanlikna med regjeringa sine anslag på nær kr. 4,1 million. Rådmannen har lagt til grunn skatteanslaget etter modellen i statsbudsjettet.

RAMMETILSKOT

Rammetilskotet er samansett av ein rekke ulike komponentar, grovt har det slik samansetning for Tysnes kommune i 2023:

Type tilskot	Beløp i nok
Overføring per innbyggjar med utjamning	124 590 000
Distriktstilskot	3 129 000
Ordinært skjønn	1 800 000
SUM	129 519 000

ANDRE FØRESETNADER FRÅ STATSBUDSJETTET

I statsbudsjettet er kostnadsveksten for 2022 berekna ut i frå ein deflator (samla pris- og lønsvekst) på 5,3 %, der løn utgjer 3,8 % og varer og tenester utgjer 7,3 %, auka investeringeskostnader utgjer 7,5 %. Det knyter seg, i følgje regjeringa, stor usikkerheit til den samla prisveksten. Det er ikkje lagt opp til kompensasjon for kostnadsveksten i inneverande år. I praksis betyr det at me startar budsjettarbeidet med underdekning knytt til kostnadsveksten,

Kostnadsdeflatoren for 2023 er berekna til 3,7 %. Me ser at det er føresett ein prisvekst på varer og tenester for 2023 på 3 %, ein prisvekst på investeringar tilsvarande 3,2 %, lønsvekst er forventa på 4,2 %. Rådmannen vurderer ei slik kostnadsutvikling til å vera optimistisk, men det er dette me også har lagt til grunn i vårt budsjettframlegg.

Demografikostnader i kommunane er føresett å gå opp med 1,7 mrd. i 2023, denne auken svarar til veksten i frie inntekter. Når Tysnes kommune såleis får litt mindre auke i frie inntekter enn landsgjennomsnittet så er det på bakgrunn av at me har ein mindre auke i forventa demografikostnader.

Av andre endringar som har verknad for oss i budsjettet 2021 kan det nemnast :


- Det er rekna ein nedgang i kommunane sine pensjonskostnader tilsvarande kr. 100 mill. Det vert presisert at det er stor uvisse til dette anslaget.
- Satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta gjennom rammetilskotet vert vidareført i 2023
- Ordninga med tilskot per grunnskule er vidareført i 2023, korrigert for prisvekst utgjer no tilskotet kr. 519¹ per grunnskule.
- Ordninga med særskilt kompensasjon for ressurskrevjande brukarar er vidareført innslagspunktet er justert i samsvar med forventa prisvekst.
- Det vert ikkje sett av særskilte stimuleringsmidlar for å prioritere investeringstilskot til nye heildøgns omsorgsplassar.

- Grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft blir kravd inn frå 2023. For havbruk vil ikkje det få konsekvensar før i 2024. Det er lagt opp til at deler av grunnrenteskatten skal fordelast på heile kommunesektoren medan delar vert nytta for å gje særskilt kompensasjon for vertskommunane. Det er uklart om auka skattlegging av vind- og vasskraft vil få innverknad for rammetilskot for 2023.
- Ordninga med fordeling av midlar gjennom havbruksfondet vert ikkje påverka av endringar i skatteregime utover at det er venta at konsesjonar vert mindre verdt.
- Det er varsle endringar i inntektssystemet for kommunane, framlegg er no på høyring og eventuelle endringar vil tre i kraft frå 2024.
- Nokre ordningar som vart innført i fjor får heilårseffekt i 2023, dette gjeld m.a. tilbod om gratis kjernetid i SFO for 1. klassingar og kompensasjon for bortfall av avkorting av barnetrygd i sosialhjelp.

ENERGI

Utgifter til straum har auka vesentleg gjennom året 2022. Så langt har ikkje kommunane fått skissert noko kompensasjonsordning på dette. Det er difor ikkje teke inn straumkompensasjon i budsjettet for 2023.

I berekningsmodellen for 2023 har me lagt til grunn den gjennomsnittlege straumkostnaden for perioden januar tom. august 2022. Dette gjev ein samla budsjettpost for straum på 5,8 mill.kr for året 2023.



Ved ei framskriving av straumkostnaden i 2022 vil me overstige 6 mill.kr. Såleis vil budsjettet for 2023 ha eit visst risikoelement i seg, men samstundes er det rom for å redusere forbruket noko. Me har også med oss at regjeringa har hatt stort fokus på etablering av fastprisavtaler, ifølgje uttaler frå næringsministeren bør fastpris ligge mellom 0,5 – 1 krone. Topp- pris skatten er etablert mellom anna for å sikre insentiv til å inngå fastprisavtaler.

3.4.2 ØKONOMISKE RAPPORTAR

Økonomisk oversikt - Drift Tysnes kommune 2023 - 2026						
Tal i 1000 kroner	Tal i 1000 kr					
	Budsjett 2023	Opprinnelig budsjett 2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
DRIFTSINNTEKTER						
Rammetilskot	-129 519	-123 182	-105 760	-132 757	-136 076	-139 478
Inntekts- og formuesskatt	-113 054	-102 979	-125 323	-115 880	-118 777	-121 747
Eigedomsskatt	-10 500	-10 500	-10 484	-10 500	-10 500	-10 500
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-4 813	-8 725	-5 883	-4 934	-5 057	-5 184
Overføringer og tilskot frå andre	-26 345	-20 897	-44 120	-27 004	-27 679	-28 371
Brukarkbetaling	-12 142	-13 072	-11 940	-12 445	-12 757	-13 075
Sals- og leigeinntekter	-31 586	-26 973	-26 508	-32 376	-33 186	-34 015
Sum driftsinntekter	-327 960	-306 328	-330 019	-335 897	-344 032	-352 370
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	178 817	165 447	165 289	183 287	187 870	192 566
Sosiale utgifter	45 979	43 261	35 264	47 128	48 306	49 514
Kjøp av varer og tenester	67 399	61 269	87 657	69 084	70 811	72 582
Overføringer og tilskot til andre	15 482	15 798	20 155	15 869	16 266	16 672
Avskriving	15 263	15 119	13 386	16 068	19 425	21 055
Sum driftsutgifter	322 940	300 895	321 750	331 437	342 678	352 389
Brutto driftsresultat	-5 020	-5 434	-8 268	-4 460	-1 354	19

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2023	Opprinnelig budsjett 2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
FINANS - INNTEKT OG UTGIFTER						
Renteinntekter	-1 445	-944	-1 111	-1 481	-1 518	-1 556
Ubytte	-320	0	-478	-328	-336	-345
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9 991	4 719	3 468	10 372	11 529	14 046
Avdrag på lån	12 218	14 539	9 459	12 686	14 192	16 471
Netto finansutgifter	20 444	18 315	11 338	21 249	23 867	28 617
Motpost avskrivning	-15 263	-15 119	-13 386	-16 068	-19 425	-21 055
Netto driftsresultat	161	-2 238	-10 317	721	3 088	7 581
<i>Netto driftsresultat i %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,7 %</i>	<i>3,1 %</i>	<i>-0,2 %</i>	<i>-0,9 %</i>	<i>-2,2 %</i>
<i>Disponering eller dekking av netto driftsresultat</i>						
Overføring til investering	700	700	664	718	735	754
Netto avsetning eller bruk av bundne driftsfond	-440	-914	789	-451	-463	-474
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	-332	-1 837	8 863	-341	-349	-358
Avsetjing årets budsjetterte mindreforbruk	0	4 289	0	0	0	0
Inndekking årets budsjetterte meirforbruk	-88	0	0	-647	-3 012	-7 503
Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat	-161	2 238	10 317	-721	-3 088	-7 581
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt drift

Tysnes kommune 2023 - 2026

Tal i 1000 kr

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2023	Opprinnelig budsjett			Budsjett	
		2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2024	2025	Budsjett 2026
DRIFTSINNTEKTER						
Rammetilskot	-129 519	-123 182	-105 760	-132 757	-136 076	-139 478
Inntekst- og formuesskatt	-113 054	-102 979	-125 323	-115 880	-118 777	-121 747
Eigedomsskatt	-10 500	-10 500	-10 484	-10 500	-10 500	-10 500
Andre generelle driftsinntekter	-74 887	-8 725	-5 883	-76 759	-78 678	-80 645
Sum generelle driftsinntekter	-327 960	-245 386	-247 449	-335 897	-344 032	-352 370
DRIFTSUTGIFTER						
Sum bevilgning drift, netto	307 677	224 833	225 795	315 369	323 253	331 334
Avskriving	15 263	15 119	13 386	16 068	19 425	21 055
Sum netto driftsutgifter	322 940	239 953	239 181	331 437	342 678	352 389
Brutto driftresultat	-5 020	-5 433	-8 268	-4 460	-1 354	19
Renteinntekter	-1 445	-944	-1 111	-1 481	-1 518	-1 556
Utbytte	-320	0	-478	-328	-336	-345
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9 991	4 719	3 468	10 372	11 529	14 046
Avdrag på lån	12 218	14 539	9 459	12 686	14 192	16 471
Netto finansutgifter	20 444	18 315	11 338	21 249	23 867	28 617
Motpost avskriving	-15 263	-15 119	-13 386	-16 068	-19 425	-21 055

Netto driftsresultat	161	-2 238	-10 317	721	3 088	7 581
-----------------------------	------------	---------------	----------------	------------	--------------	--------------

Disponering eller dekking av netto driftsresultat						
Overføring til investering	700	700	664	718	735	754
Netto avsetting til eller bruk av bundne driftsfond	-440	-914	789	-451	-463	-474
Netto avsetting til eller bruk av disposisjonsfond	-332	-1 837	8 863	-341	-349	-358
Avsetjing årets budsjettettede mindreforbruk	0	4 289	0	0	0	0
Inndecking årets budsjettettede meirforbruk	-88	0	0	-647	-3 012	-7 503
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat	-161	2 238	10 317	-721	-3 088	-7 581
	0	0	0	0	0	0


Økonomisk oversikt - Investering

Tysnes kommune 2021	Tal i 1000 kr					
	Budsjett 2023	Opprinnelige budsjett 2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Tal i 1000 kroner						
Investering i varige driftsmidler	25 563	39 688	81 337	59 037	128 415	58 900
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0
Investering i aksjer og deler i selskap	700	700	664	700	700	700
Utlån av eigne midlar	0	0	1 995	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	1 821	0	0	0
Sum investeringsutgifter	26 263	40 388	85 818	59 737	129 115	59 600
Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 538	-6 012	-15 655	-11 613	-25 481	-11 578
Tilskot frå andre	-1 085	-2 136	-2 100	0	-18 750	-600
Sal av varige driftsmidler	-6 400	-2 750	-4 033	0	0	0
Sal av finansielle driftsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0

Motteke avdrag på utlån av eigne midlar	0	0	-2 753	0	0	0
Bruk av lån	-14 540	-28 790	-65 380	-47 424	-84 184	-46 722
Sum investeringsinntekter	-25 563	-39 688	-89 921	-59 037	-128 415	-58 900
Vidareutlån	5 000	0	0	5 000	5 000	5 000
Bruk av lån til vidareutlån	-5 000	500	0	-5 000	-5 000	-5 000
Avdrag på lån til vidareutlån	2 169	1 800	0	2 169	2 169	2 169
Motteke avdrag på vidareutlån	-2 169	-2 300	0	-2 169	-2 169	-2 169
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	-700	-700	-664	-700	-700	-700
Netto avsetting til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	931	0	0	0
Netto avsetting til eller bruk av ubundne investeringsfond	0	0	3 836	0	0	0
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	-700	-700	4 103	-700	-700	-700
Framført til inndecking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0	0	0

3.4.2 HAVBRUKSFOND

Frå 2021 vart det innført ei produksjonsavgift på havbruk, her er tanken at inntektene frå skatten skal tildelast kommunane gjennom Havbruksfondet. Me har lagt til grunn at produksjonsavgift gir ei årleg inntekt tilsvarande om lag kr. 4 mill.




I tillegg til inntekter som føl av produksjonsavgifta skal kommunane ha 40 % av salsinntekter for nye konsesjonar, tidlegare vart 80 % av desse inntektene tilgodesett kommunane. Fordelinga av desse inntektene skjer del etter lokalitetsfordeling og dels etter nye lokale lokalitetar. Desse potensielle inntektene er noko meir uføreseielege og vil mellom anna vera knytt til trafikklysmodellen. Trafikklysa langs kysten vil sei noko om det kan seljast nye konsesjonar og i så tilfelle kor stor ein slik auke skal vera. Det er antyda at det vert lagt opp til utvidingar i partalsår, det kan tala for at inntektsansлага for desse åra kan aukast opp noko. I rådmannen sitt framlegg til økonomiplan er det ikkje gjort.

Det er også usikker kva som skjer med dagens ordning der kommunane mottar ein del av inntektene knytt til sal av konsesjonar. Her må me ha med oss regjeringa sitt framlegg om å berekne grunnskatt for havbruk. Ein grunnskatt vil gjera kjøp av konsesjonar mindre attraktivt noko som gjev mindre inntekter til kommunane, men det er også mogleg at ein del av grunnrenteskatten erstattar kommunane sin del av konsesjonssalet.

I samband med tidlegare gjennomgang av grunnrenteskatt for havbruk gjekk NOU arbeidet leia av Ulltveit-Moe inn for at det burde innførast ein grunnrenteskatt på havbruk og at denne deretter burde fordelast ut på alle kommunar. Me registrerer at finansministeren har garantert at vertskommunane skal sitja att med meir enn før, men me

vurderer det til å vera stor uviss om kor stort anslaget for havbruksinntekter bør vera i økonomiplanperioden.

Figurane under viser auksjonar for nye konsesjonar og Tysnes kommune sine inntekter.



3.4.3 EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten på Tysnes har no i fleire år vore halde på eit nominelt nivå tilsvarende om lag kr. 10,5 mill., i framlegg til budsjett er det lagt opp til at eigedomsskatten vert auka tilsvarende kostnadsveksten på 3,7 %. Ein auke tilsvarende deflatoren utgjer kr. 388 500 for driftsåret 2023, eller om lag kr. 133 per innbyggjar per år.

Politisk vedtak:

Eigedomsskatten blir ikkje auka med 3,7 %, men står på same kronebeløp som i 2022

Endeleg skattesats vert avklara i samband med kommunestyret sitt endelege budsjettvedtak.



3.4.4 GEBYR OG TILFELDIGE INNTEKTER

Det vert lagt fram ei samla vurdering av gebyr og betalingssatsar i samband med formannskapet sitt arbeid med budsjettframlegg, framlegg til gebyr bygger på deflator for løn, samansett deflator, kalkulasjon av kostnader i samsvar me rapport frå Momentum.

3.4.5 LÅN OG AVDRAG


Som fylgje av store investeringar, både framtidige og historiske, vil kommunen i høg grad verte påverka av gjeld- og rentenivå.

Med utgangspunkt i framlegg til økonomiplan vil me få ei slik utvikling i gjeld utanom opptak av startlån:




:

Gjeldsgraden eks startlån aukar gjennom økonomiplanen og gjeldsgrad frå 2025 vil ikkje vera i samsvar med økonomiske mål om at gjeldsgraden skal vera under 100 %



Grafen under viser utvikling i renter og avdrag, det er lagt inn føresetnader om at nye lån vert teke opp med rentesats 4 %. Det må merkjast at det knyter seg stor uvisse til rentebanan frametter.

Me ser at samanlikna med anslag i økonomiplan for 2022-2025 har rentebetaling på låneporleføljen vår gått opp med over 3 mill. for 2023 samanlikna med dei tidlegare anslaga for 2023.




Figuren her viser ei samanstilling mellom kommunen sine budsjetterte avdrag og berekna minimumsavdrag. Det er framleis ein viss differanse her, men den vert over tid redusert mot null då nye lån vert teke opp med maksimal løpetid.

3.4.6 VERKNAD AV FOND

I 2023 ligg det inne ei forventing om netto bruk av disposisjonsfond på kr. 620^o. Her er det i stor grad snakk om bundne driftsfond der me får inntekter inn eitt år medan ny aktivitet basert på tilskot ikkje vert sett i verk før året etter.

Grafen under viser kommunen sine disposisjonsfond mål i høve til brutto driftsinntekter og samanlikna med vår kommunegruppe i KOSTRA.



3.4.7 ANDRE FØRESETNADER

- 1) Ut frå eit mål om å redusera sjukefråvær er det lagt inn ein dekning på sjukevikar på 1,75 % på dei ulike tenesteområda som har behov for å henta vikar ved sjukdom.
- 1) Det er ikkje budsjettert med langtidsfråvær med tilhøyrande sjukelønsrefusjonar.
- 2) Felles avskrivingar er samla på kap. 9000 (finans), mens avskrivingar på sjølvkostområda ligg på sine respektive områder.
- 3) Det er ikkje lagt inn forventa lønsutvikling på det einskilde ansvarsområde, det er avsett fond på 7 mill. på finansområde til å ivareta løn og pensjon


4 GJENNOMGANG AV DEI ULIKE TENESTEOMRÅDA

	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
SUM SENTRALADMINISTRASJON / STAB / STØTTE	31 002 083	31 290 979	-0,92 %	28 548 559
SUM OPPVEKST	87 292 957	84 015 187	3,90 %	81 923 510
SUM HELSE OG SOSIAL	89 147 577	81 143 718	9,86 %	93 227 658
SUM LANDBRUK OG TEKNISK	24 390 900	25 718 670	-5,16 %	36 637 158
SUM EININGAR	231 833 518	222 168 553	4,35 %	240 336 885
SUM FINANS	-231 833 518	-9 664 965	4,35 %	-240 336 885
NETTO	0			

Tabell 4.0 Samla oversyn for drift.

Tabellen ovanfor viser samla utvikling langs dei ulike hovudkapitla, i det følgjande vil me gå gjennom detaljar innanfor dei enskilde kapitla, me legg gjennomgangen på ansvarsnivå.

Diagrammet under viser fordeling mellom dei ulike hovudkapitla i budsjettet:



4.0 NÆRARE OM KOMMUNESTYRE SI FØRING

Kommunestyre la i si føring inn ein føresetnad om at innsparingar i driftsbudsjett tilsvarande kr. 3 mill. Dersom me ser på hovudoversikta så ser me at det ikkje er ein innsparing i nominell verdi, noko som heller ikkje har vore lagt til grunn som ein føresetnad.

Dersom me vurdering innsparing opp mot revidert budsjett for 2022 har me med oss noko av prisauken som er kome i inneverande driftsår, dersom me vidare legg til grunn ei generell auke i deflator for 2023 tilsvarande 3,7 % har me følgjande innsparingar:

	Budsjett 2023	Rev. Budsjett 2022 utgiftsjustert for 2023	Teoretisk innsparing
SUM SENTRALADMINISTRASJON / STAB / STØTTE	30 952 083	32 448 775	1 446 692
SUM OPPVEKST	87 292 957	87 123 749	-169 208
SUM HELSE OG SOSIAL	89 147 577	84 146 035	-5 001 542
SUM LANDBRUK OG TEKNISK	24 390 900	26 670 261	2 279 361
SUM EININGAR	231 833 518	230 388 790	-1 444 728

Oppsettet viser at me ikkje har lukkast med å gjennomføre ei samla innsparing tilsvarande kr. 3 mill. frå driftsåret 2022 til 2023, tvert har me auka driftsnivået med om lag kr. 1,4 mill. Innsparingar er gjort innanfor hovudområda Sentraladministrasjon og Teknisk, medan oppvekst og helse og omsorg aukar driftsnivået. Me må då ha med oss at det er gjort nokre vedtak etter at budsjettet for 2022 vart lagt som vil påverka, det gjeld mellom anna heilårseffekt av ny stilling i barnevern. Det er også nokre nye kostnadselement som vert skildra nærmare på ansvarsnivå. Innanfor pleie og omsorg er det også gjort framlegg om nye stillingar, dette er i første rekke for å sikra ei tilpassing til faktiske forhold.

Tabellen under viser status i vår drift samanlikna med kommunar i vår rapporteringsgruppe og landet for elles, tabellen viser vår ressursbruk innanfor ulike områder, alle tala er justert for utgiftsbehov som mellom anna er avspeglia i demografi, men også ei rekke sosiale og romlege faktorar. Gjennomsnittleg bruk er 100 %, dersom me bruker mindre enn dette indikerer det meir effektiv drift, eller i alle fall at me brukar mindre pengar enn gjennomsnittet, der me ligg over gjennomsnittet er det eit uttrykk for mindre effektiv drift eller ein bevisst prioritering. Alle tala er frå rekneskapen 2021 noko som kan forklara veldig høge utslag mellom anna på samferdsle.

Ressursbruk korrigert for utgiftsnivå samanlikna med KOSTRA gruppe og landsgjennomsnitt, tal frå rekneskap 2021	KOSTRA gr. 5	Landet u. Oslo
Pleie og omsorg	89,6 %	90,1 %
Grunnskule	101,7 %	112,9 %
Barnehage	101,0 %	107,7 %
Administrasjon, styring og fellesutgifter	84,6 %	102,4 %
Sosiale tjenester	60,4 %	60,6 %
Kommunehelse	96,7 %	99,4 %
Barnevern	121,4 %	134,0 %
Kultur og idrett	87,6 %	103,6 %
Plan, kulturminne, natur og nærmiljø	119,4 %	122,1 %
Brann og ulukkesvern	115,7 %	164,2 %
Kommunale bustader	74,9 %	111,4 %
Samferdsle	222,4 %	361,2 %
Kyrkje	112,2 %	182,7 %

Det største av desse sektorområda er pleie- og omsorg, drift på tilsvarende nivå som gjennomsnitt i KOSTRA gruppa og gjennomsnitt på landsbasis ville kosta om lag kr. 7 mill. meir enn rekneskapsført forbruk i 2021.

4.1 SENTRALADMINISTRASJONEN, STAB / STØTTE, KULTUR / NÆRING, POLITISK STYRING – HOUDKAPITTEL

	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
SUM SENTRALADMINISTRASJON / STAB / STØTTE	31 002 083	31 290 979	-0,92 %	28 548 559

Budsjett kapitelet har ein reduksjon på 0,92 % samanstilt med revidert budsjett for 2022, samanstilt med revidert budsjett justert for deflator i 2023 vert det nytt om lag kr. 1,45 mill. mindre enn i 2022. Her skal me likevel ha med oss at nokre av budsjettreguleringane i 2022 har vore knytt til einskildpostar som uansett ikkje vert vidareført i 2023. I nominell verdi er budsjett for 2023 redusert tilsvarande om lag kr. 290` samanlikna med revidert budsjett for 2022.


I det underståande går me gjennom hovudkapitelet fordelt på ansvar.

4.1.1. ADMINISTRASJON, STYRING OG FELLESUTGIFTER - DATA


Prioritet	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B)	970	1 076	905	420
Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B)	188	244	245	103

Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)	4 929	5 968	6 036	3 991
Netto driftsutgifter per innbygger (130) administrasjonslokaler (B)	372	416	616	474
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B)	6 678	7 938	8 551	5 556
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)	6 609	7 884	8 149	5 345

Utgiftsbehov administrasjon, styring og fellesutgifter



Figuren viser utgiftsbehov til administrasjon, styring og fellesutgifter. Vi ser at ut Tysnes kommune har samla eit høgt utgiftsbehov for administrasjon og styring både samanlikna med landsgjennomsnittet og samanlikna med kommunegruppa. Utgiftsbehovet er lagt til grunn i tildelingsnøklar etter inntektssystemet.



Framstillinga viser driftskostnader til administrasjon, styring og fellesutgifter korrigert for forventa utgiftsbehov. Etter korrigering for utgiftsbehov er det berekna ein kostnad på kr. 5632 per innbyggjar. Me driv då rimelegare enn for Kostra gruppera vår, men dyrare enn landsgjennomsnittet. Kostnader til administrasjon, styring og fellesutgifter er samla om lag kr. 3 million rimelegare enn for kommunegruppa og om lag kr 400` dyrare enn om me hadde nådd landsgjennomsnitt.

4.1.1.1 POLITISK STYRING, KOMMUNESTYRE, FORMANNSKAP OG NEMNDER

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
1100	Kommunestyre, formannskap, nemnder	4 866 351	4 836 847	0,6 %	4 271 882

1140	Utval og råd	97 887	116 698	-16,1 %	106 113
1192	Kommune- og stortingsval	686 216	-	- %	170 000

Utvikling av kostnader i tidsserie:

**Prioritet-Netto driftsutgift
per innbyggjar politisk styring (100)**

2018 2019 2020 2021

Tysnes	692	961	970	1 076
Kostragruppe 05	773	925	831	905
Landet uten Oslo	390	471	378	420

**Prioritet-Netto driftsutgift
per innbyggjar kontroll og revisjon (100)**

2018 2019 2020 2021

Tysnes	216	264	188	244
Kostragruppe 05	192	213	221	245
Landet uten Oslo	100	104	99	103

ANSVAR 1100 KOMMUNESTYRE, FORMANNSKAP OG NEMNDER

Ansvarsområde for kommunestyre, formannskap og nemnder er auka tilsvarende 0,6 % samanlikna med revidert budsjett for 2022.

I all hovudsak er det føresett vidareføring av drift på same nivå innanfor ansvar 1100. Det er gjort ei tilpassing av kontigentar tilsvarende kr. 100` meir enn budsjett for 2022. Omfang av opplæring og kurs er justert ned til rekneskapsnivå for 2021. Tilleggsløyvingar er vidareført på same nominelle nivå som i 2022, det betyr at formannskap og ordførar til saman disponerer kr. 100` i tilleggsløyvingar.

Støtte til kommunestyregruppene er vidareført med kr. 50` for 2022.

Innanfor område plan er det gjort ei nedjustering av kjøp av konsulenttenester tilsvarende kr. 173` samanlikna med revidert budsjett for 2022. Det står framleis att om lag kr. 540` til kjøp av konsulenttenester innanfor plan, det er berekna kjøp av konsulenttenester for å slutføre arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Revisjon følgjer av særutskrift for kontrollutvalet, det er foreslått ein liten auke på område tilsvarende 3,7 %. Framlegget frå kontrollutvalet er innarbeid i talgrunnlaget i budsjettet utan at det betyr at me har vurdert framlegget.

ANSVAR 1140 UTVAL OG RÅD

På dette ansvaret fører me kostnader til eldreråd/råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og arbeidsmiljøutval. Samla er det budsjettet ein reduksjon av område tilsvarende nær kr. 19`. Dette er i all hovudssak ein teknikalitet då møtegodgjersla vert ført på 1100. Når det gjeld arbeidsmiljøutvalet er det justert litt ned på opplæringskostnader. Ungdomsrådet er vidareført med same aktivitet som i 2022. Her ligg det inne kr. 31` til opplæring/kurs i tillegg til kr. 21` som ein eigen tiltakspott for ungdomsrådet.

ANSVAR 1192 KOMMUNE OG STORTINGSVAL

Her er det for 2022 ført noko meir enn me normalt gjer på dette ansvarsområde, grunnen til det er at me normalt ikkje har ført lønskostnader direkte på val. Me ser at det i eit valår vert trekt personalressursar særskilt ut av fellesstenesta på ansvar 1180, me har valt å synleggjera dette ved å føra estimerte ressursar på dette ansvaret. Det er estimert eit samla forbruk på 1 årsverk. Ressursane er berre omfordelt slik at det ikkje fører til aukte kostnader for hovudkapitelet.

4.1.1.2 ADMINISTRASJON OG FELLESKOSTNADER

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
1120	Rådmannskontor	9 169 338	8 967 741	2,2 %	8 422 101
1150	Administrasjonsbygg	1 188 131	1 051 091	13 %	39 039
1180	Fellesfunksjonar	6 717 428	6 890 021	-2,50 %	6 622 472
1181	Tillitsvald	718 010	563 995	27,3 %	625 732

Utvikling av kostnader i tidsserie:

Prioritet-Netto driftsutgift per innbyggjar administrasjon (120)	2018	2019	2020	2021
Tysnes	5 389	5 410	4 929	5 968
Kostragruppe 05	5 673	5 677	5 719	6 036
Landet uten Oslo	3 691	3 898	3 813	3 991

Prioritet-Netto driftsutgift per innbyggjar administrasjonsbygg (130)	2018	2019	2020	2021
Tysnes	386	290	372	416
Kostragruppe 05	539	580	550	616
Landet uten Oslo	390	407	436	474

ANSVAR 1120 RÅDMANNSKONTORET

Ansvaret dekker stort sett alt av kommunale stabsfunksjonar slik som økonomi, løn, innkjøp, IT, personal, eigedomsskatt og kvalitet, i tillegg ligg mellom anna beredskap til dette ansvarsområde.

På rådmannskontoret er det ein auke tilsvarende 2,2 %. Ressursane er i stor grad knytt til lønsutgifter, her må det også merkast at årets lønsoppgjer ikkje er ferdigstilt og innarbeidd. I 2022 har 50 % av stilling som kvalitetsrådgjevar vore aktivert på investering og knytt til innføring av nytt kvalitetssystem. For 2023 vert denne stillinga ført 100 % i drift. I motsett retning vert 20 % av stillinga som valansvarleg ført på ansvarsområde for val. Det er også lagt inn ein 15 % ressurs til å ivareta ansvar som personvernombod, denne vert då ført på ansvar for tillitsvalde. Tidlegare har personvernombodsrolla vore ivareteke av rådgjevar for helse og sosial, men det er ønskjeleg at denne rolla vert meir reindyrka til å støtte opp under dei viktige endringsprosessane i denne sektoren.

Utover endringar som er knytt til fastlønsbudsjettet er det mindre justeringar som er gjort på område, det er rydda litt i ulike støtteressursar og avslutta ein del kontingentar knytt til fagsystem slik som m.a. støttesystem for persona og generelle støttesystem totalt er posten redusert med kr. 43`

Den samla posten for konsulent og advokattenester er auka opp med kr. 50`, dette er mellom anna knytt til overgang avgang og tiltreding for lønskonsulent. Me får her eit tomrom på 3 månader noko som har ført til trøng for å leiga noko ressursar i perioden. Me vil frametter nytta kjøp

av tenester for å skalere lønsfunksjonen, det opnar opp for at stilling som persona-/lønskonsulent kan endrast til rådgjevar der deler av stillinga vert nytta til informasjonsarbeid. Det er i 2022 arbeidd med ny nettstad me har von om at den skal lanserast i 2023.

Fagområdet beredskap er vidareført som i dag med kr. 125`, dette dekker lisens på UMS varsling, satelittelefonar og overføring til Bergen kommune som held sivilt beredskapslager for kommune. På beredskapsområde har me valt å vidareføra abonnement på lokasjonsbasert varsling, dette utgjer om lag kr. 80` per år.

ANSVAR 1150 ADMINISTRASJONSBYGG

Ansvaret er vidareført som i dag, men me har valgt å samla innkjøp av tilfeldig inventar på dette ansvaret framfor å ha mindre avsetjingar til dette på dei einskilde ansvarsområda. Årsaka til at me gjer det er at me då ikkje vil ha trong for å ha ein liten buffer på kvart ansvarsområde knytt til moglege utskiftingar av kontorstolar og bord. Det er samla sett av kr 150` til føremålet, det er gjort tilsvarande reduksjonar på dei einskilde ansvarsområda.

ANSVAR 1180 FELLESTENESTA

Under dette ansvaret ligg felles sekretariat, IKT lisensar og driftsavtaler, telefonikostnader, kontingentar og kjøp av konsulenttenester som dei største postane.

Det er ikkje gjort reelle endringar i bemanninga ved post, arkiv og kundemottak, men deler av lønskostnaden vert her ført på ansvar for kommune- og stortingsval for 2023. Tenesta vil frå 2023 overta oppgåver knytt til betaling og etteroppgjer for institusjonsopphald, dette arbeidet har tidlegare lagt til rådgjevar hjå kommunalsjef for helse- og omsorg.

Ei stadig utvikling mot meir digital kommunikasjon og større krav til fagsystem og integrasjonar har auka kostnader på dette område som ei naturleg nedsida. Den potensielle vinsten av ein del av dei same systema vert ført på tenesteområda. Ein meir digital kommune er også monaleg meir sårbar for både tilfeldige hendingar og handlingar gjort med vonde forsett. I budsjett for 2022 var det eit innspel knytt til å etablera avtale med Atea SOC+ som er ei eiga innsatsgruppe for IT tryggleik. Årlege kostnader var estimert til nær kr. 700` og tiltaket vart ikkje prioritert, me har heller ikkje lagt det inn i inneverande år. Det ligg vidare midlar for e-læring og gjennomføring av sikkerhetstiltak slik som mellom anna phising testar, arbeidet med GDPR vert styrkt ved noko frikjøp av personvernombod og det vert arbeidd med å etablera gode internkontroll system på IT området. Me har også ei risikoeksponering for tilfeldige hendingar, og kanskje i første rekke for straubrot. Me har i dag ein

løysing med to parallelle datarom på Omsorgssenteret og på Rådhuset, dette har sjølv sagt redusert risiko knytt til ulike hendingar, men me ser at ved straumbrot er det framleis ei utfordring at overgangen mellom dei parallelle serverane ikkje er heilt saumlaus.

Det skjer elles ei rekke endringar på fagsystem i 2023, dei viktigaste endringane er nytt fagsystem for barnevern, nytt fagsystem for sosial, nytt bestilling til betalingssystem, nytt sak og arkivsystem og ny nettside og intranett. Me vil også gjera nærmere vurderingar av nasjonale felles løysingar slik som DigiHelse og DigiHelsestasjon, det er mogleg at desse endringane vil utløysa trøng for nye fagsystem innanfor helse og pleie og omsorg. Me vil også prøve å implementere nettportalen Din-kommune som har til mål å sikre at innbyggjarane våre finn all informasjon knytt til kommunen ein stad.

Det er sett av ein post tilsvarende kr. 200` til felles opplæringstiltak, dette kan mellom anna vera felles leiaropplæring, kurs innan IT eller felles kurs innanfor forvaltningsrett med vidare. Felles opplæringstiltak vert dekt av bunde fond avsett til føremålet.

Bedriftshelseteneste vert også ført under dette punktet. Alle velferdsmidlar vert no ført her. Forutan dette ligg betalingsdelen vår til Interkommunalt arkiv i Hordaland.

Det er ønskjeleg å gjera ei justering av dette ansvaret frametter slik at post- og arkivtenesta vert skilt frå andre fellesfunksjonar, dette er ein teknikalitet og vil ikkje har budsjettmessige konsekvensar.

ANSVAR 1181 TILLITSVALDE

Frikjøp av tillitsvalde vert rekna som del av kommunen sine administrasjonskostnader. Hovudavtalen for kommunalt avtaleområde regulerer frikjøp av tillitsvalde, i verksemda vår er det to organisasjonar som er så store at dei har rett på frikjøp, Fag forbundet og Utdannings forbundet. Kostnader på dette området vert i realiteten regulert gjennom Hovudavtalen mellom KS og forhandlingssamanslutningane på arbeidstakarsida. Fag forbundet har frikjøp tilsvarende 0,65 årsverk medan Utdannings forbundet har frikjøp tilsvarende 0,2 årsverk, ved ein feil var dei berre ført med 10 % i 2022 noko som forklarar ein vesentleg del av veksten på dette ansvarsområdet.

Det er ført 15 % til frikjøp av personvernombod, dette har tidlegare vore 10 %. Me har eit ønskje om å få ein gjennomgang av internkontrollsysteem for IKT og GDPR i 2023 og gjer såleis ei mellombels styrking av denne funksjonen. Hovudverneombod har rett på frikjøp

etter arbeidsmiljøloven og det er vidareført eit frikjøp tilsvarande 10 % av stillinga. Ut over dette har hovudverneombodet rett til å få fri for å utføra sine oppgåver.

Endringa frå førre år er knytt til at frikjøp av personvernombod også er lagt under dette ansvaret, det har tidlegare vore ført under ansvar for rådmannskontoret. Frikjøp for personvernombod for 2021 er sett til 0,1 årsverk.

4.1.2. NÆRINGSUTVIKLING, REISELIV, VETERINÆR OG ALKOHOLOMSETNAD - DATA

Tysnes kommune har i dag eit ansvarsområde for næringsutvikling og eitt for reiseliv, forutan dette vert det ytt støtte til veterinærtenester for landbruket og sikra forvaltningsmessig oppfølging av alkoholomsetnad. I det understående vil me vise litt tal frå KOSTRA, talgrunnlaget her er stort sett knytt til ansvar for næringsutvikling og reiseliv.

Prioritet	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B)	0,2 %	0,3 %	0,0 %	0,3 %
Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B)	136	207	23	195
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B)	430	506	425	135
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Næringsforvaltning og konsesjonskraft (B)	193	369	-1 802	-112
Netto driftutgifter til konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg pr. innbyggere (kr (B))	0	0	-2 098	-348

Når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar til landbruksforvaltning vert det ført under ansvar for landbruk.

Tysnes kommune ender som nr. 153 av alle kommunar på NHO sitt næringsbarometer, det kan lesa meir om denne rapporten her: [NHO sitt næringsbarometer](#)

4.1.2.1 NÆRINGSUTVIKLING OG REISELIV

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
1430	Næringsutvikling	112 444	516 000	-78,2 %	261 798
1434	Reiseliv	362 366	549 000	-34 %	514 420
1455	Veterinær	170 000	150 000	13,3 %	20 000
1456	Veterinærsamarbeid	-30 000	0	-%	-34 990
1434	Alkoholomsetnad og kontroll	-7 987	-4 567	133,5 %	60 273

Oversikt over kostnader i tidsserie:

Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet	2018	2019	2020	2021
Tysnes	181	406	136	207
Kostragruppe 05	3	62	-273	23
Landet uten Oslo	104	140	77	195

ANSVAR 1430 NÆRINGSUTVIKLING

Området næringsutvikling viser stor nedgang frå 2022 til 2023, dette er i første rekke knytt til at me i budsjett for 2022 har utbetalt næringsstøtte i samband med Covid19. Det er lagt opp til ein reduksjon i konsulenttenester i storleik kr. 100`. Kjøp av tenester frå Atheno vert vidareført med kr 100` og er då i første rekke tenkt som ei støtte til nyestablerarar og verksemder i omstilling, sett opp mot historiske rekneskapsverdiar vil ikkje dette føra til redusert aktivitet. Det er lagt opp til eit samarbeid mellom kommunen, Tysnes kraftlag og Tysnes næringsråd for å sikra ei samordna tilnærming som er for verksemder som har omstillingsbehov som følgje av straumkrisa. Dette skjer i samarbeid med Atheno. Det er naturleg at me hentar erfaringar frå dette samarbeidet før me eventuelt går vidare me ein eigen næringsplan.

Det er skissert ei deltaking i prosjektet 100 dagar sjølvforsynt der kommunane i samarbeidet bidreg med kr. 2 mill. over ein fireårsperiode frå 2023 til 2026. Dette vil i så tilfelle belaste ansvar for næringsutvikling med kr. 500` per år. Tiltaket er ikkje prioritert i høve til budsjettframlegg for 2023.

ANSVAR 1434 REISELIV

Innanfor område reiseliv har me lagt opp til ein reduksjon tilsvarande om lag kr. 187`. Reduksjonen er gjort for å redusera omfang av drifta.

Me har redusert posten for marknadsføring med kr. 180` det står då att kr. 200` på denne posten. Det som ligg att etter reduksjonen er mellom anna støtte til Turistinformasjon med kr. 80` , støtte til Bruntveit Landhandel med kr. 20` og lysing i sumaravisa til Bladet Tysnes med om lag kr. 60`.

Me hadde ein vekst på dette området i 2021 etter at me tilslutta oss Visit Bergen, samla kostnader til kontingentar på dette område er slik:

Visit Sunnhordland	Kr. 37 000
Visit Bergen	Kr. 53 000
Miljøfyrtårn	Kr. 30 000
SUM	Kr. 120 000

Me har også fått ein søknad frå Tysnes Gjev Meirsmak der dei søker om kr. 300` til å leggje til rette for betre informasjon om Tysnes på nettsidene til Visit Bergen og Visit Sunnhordland. Søknaden vil verta handsama som eigen sak og er ikkje innarbeidd i framlegg til budsjett. Årleg lisens for Miljøfyrtårn vert ført på ansvar for reiseliv då ordninga er ei oppfølging av Visit Sunnhordland si satsing for berekraftige reisemål.

ANSVAR 1455 VETERINÆR OG ANSVAR 1456 VETERINÆRSAMARBEID

Ansvaret veterinær er knytt til stimulering for å sikra veterinærdekning i kommunen. Kommunen har avtale med Tysnes Veterinærklinikks AS som motteke driftstilskot, tilskotet er innanfor same ramme som tidlegare men vert indeksregulert inn mot budsjett for 2023.

Når det gjeld veterinærsamarbeid så er det knytt til gjennomføring av vakt og er fullt ut dekka gjennom statlege særlovyngingar. Ordninga vert administrert av rådmannskontoret her er det inntektsført kr 30`for kommunen sin administrasjon av ordninga.

Samla er dette tiltak som er viktig for landbruksnæringa i kommunen.

ANSVAR 1460 ALKOHOLOMSETNAD OG KONTROLL

Ansvaret veterinær er knytt til stimulering for å sikra veterinærdekning i kommunen. Kommunen har avtale med Tysnes Veterinærklinikks AS som motteke driftstilskot, tilskotet er innanfor same ramme som tidlegare men vert indeksregulert inn mot budsjett for 2023.

Når det gjeld ansvaret for alkoholomsetnad og kontroll så er det kanskje ikkje akkurat eit tiltak som høyrer heime under næringsutvikling, men det oppstår som ein naturleg konsekvens av at verksemder får salsa- og sjenkeløyver og moglegheit til å selja tobakk. Aktiviteten på område vert

vidareført som i dag gjennom eit kommunesamarbeid der Sauda kommune er vertskap for kontrollverksemda. Me føresett avgifter på sal av alkohol og tobakk i samsvar med dagens nivå og gjeldande forskrifter.

4.1.3 KULTUR - DATA

Kultur prioritering 2021– nøkkeltal (KOSTRA)	Tysnes 2018	Tysnes 2019	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostra gruppe 05	Landet utan Oslo
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,1	2,8	2,6	3,4	4,0	4,1
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1453	2041	1900	2781	3174	2684
Netto driftsutgifter til allmenn kultur per innbygger i kroner	539	973	877	1602	1549	1212
Netto driftsutgifter for folkebibliotet per innbygger i kroner	303	327	362	420	480	310
Kultur dekning 2021– nøkkeltal (KOSTRA)	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostra gruppe 05	Landet utan Oslo		
Utlån alle medier per innbygger	1,9	2,2	3,2	2,4		
Kommunale driftstilskudd til idrett per lag som får tilskudd	26 000	32 500	54 250	99 550		
Frivillige lag og organisasjoner som mottar tilskudd	33	34	-	-		

4.1.3.1 KULTUR / TYSNESHALLEN / BIBLIOTEK

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
1500	Kultur	2 509 043	3 315 720	-24,3 %	2 484 990
1501	Tysneshallen	505 674	481 197	15,5 %	606 055
1510	Bibliotek	1 115 280	1 183 088	-5,7 %	1 158 506

ANSVAR 1500 KULTUR

Under kultur ligg funksjonar som ungdomsarbeid, friluftsliv, kunstformidling, idrett, kulturadministrasjon, kulturvern og andre kulturaktivitetar.

Me har lagt opp til at det gjennomført innsparingar samanlikna med årets budsjett tilsvarande kr. 807^o, dette er knytt til at me reduserer aktiviteten og ambisjonar knytt til oppfølging av ulike prosjekt. QR prosjektet er ikkje gjennomført i år og ut frå den økonomiske uvissa foreslår me å skyva prosjektgjennomføringa til 2024.

I 2022 var det sett av kr. 100^o til å arbeida med oppfølging av Fritidserklæringa, her vart Friskus lagt inn som eit tiltak for å sikra betre informasjon og kunnskap om fritidstilbod på Tysnes, tiltaket er vidareført med lisenskostnader for 2023.

Andre reduksjonar på kulturområde er henta frå ulike tilskot, men me har lagt vekt på å oppretthalde eksisterande faste tilskotsordningar. Me tenkjer at frivillige lag og organisasjonar er svært viktige for Tysnes og det er viktig at kommunen her opptrer mest mogleg føreseieleg. Når det gjeld meir prosjektretta tilskotsordningar slik som m.a. til kulturminnevern så er det lettare å justera denne type tilskot frå år til anna.

TILSKOTSORDNINGAR	2021	2023 ²
Faste tilskot til lag og organisasjonar:	Beløp	Beløp
Tilskot til idrett	150 000	165 200
Tilskot til song og musikklag	270 000	297 200
Ålmenne Kulturmiddlar	150 000	165 200
Nærmiljøtiltak	100 000	110 100
Grendatun kino	50 000	50 000
Sunnhordland museum	13 617	20 391
Tidsavgrensa tilskot		
Tysnesfest ³	550 000	550 000
Prosjektretta og søknadsbaserte tilskot		
Midlar til kulturvern	80 000	50 000
Frie kulturmiddlar	0	40 000
SUM	1 213 617	1 282 891

Når det gjeld støtte til Sunnhordland museum har dei søkt om at kommunane inngår ein fornøy driftsavtale, dette vil gje oss ein meirkostnad på kr. 6 774 per år, men her må me ha med oss at den tidlegare avtale ikkje har vore indeksregulert dei siste ti åra. Sunnhordland museum har også søkt om eit tilskot på om lag kr. 400` som skal nyttast til investeringar i Sunnhordlandstunet, dette tilskottet er ikkje innarbeidd i budsjett og vil verta handsama i eiga sak.

² Indeksregulert per sep. 2022

³ Kr 100 000 vert fakturert få Tysneshallen og frå legekontoret (å kr. 50`)

Tysnesfest har hatt ein fast avtale om kommunal støtte tilsvarende kr. 550` fram til og med 2022, av dette er de føresett at kr. 100` vert tilbakefakturert til Tysnesfest for å dekka leige for Tysneshallen og meirkostnader for legekontor. Tysnesfest har fremja ein ny søknad der dei søker om kr. 700` i netto støtte. I budsjettframlegg for 2023 er dagens støtteordning vidareført, søknad om vidare støtte vert handsama i eigen sak.

Me har også nokre faste avtaler som gjeld til og med 2023, dette gjeld mellom anna for Årbakka handelsstad og Kulturlø. Tabellen under viser avtaler og kontingentar innanfor kulturområde. Nokre av desse avtalane går ut i 2023.

Drifts- og leigeavtaler, kontingatar	2021	2023 ⁴
Kulturlø	20 000	20 000
Årbakka Handelsstad - drift	20 000	20 000
Leigeavtale Årbakka handelsstad	20 000	20 000
Uggdal Bygdelag - Dagsturhytte	0	15 000
BOF	65 332	69 768
SUM	125 332	144 768

Arbeidet med rydding av lokalhistorisk arkiv vert ferdig i 2023, det vert budsjettet kr. 20` til ferdigstilling. Det er vidare budsjettet med kr. 50` til vedlikehald på kunstgrasbanen på Reiso

Normalt har me litt frie midlar igjen på kulturbudsjettet når faste avtaler og tilskot er betalt ut, for 2023 finnes det ikkje slike frie midlar.

⁴ Indeksregulert per sep. 2022

ANSVAR 1501 TYSNESHALLEN

Det er ikkje større vedlikehald som er planlagt i Tysneshallen for neste år. Ordninga med gratis leige av hallen skulle etter planen evalueraast i 2021, men dette vart utsatt som følgje av pandemien. Det er naturleg at det vert gjennomført ei slik evaluering i 2023. Det er ikkje innarbeidd noko form for budsjettmessige føringar for ei slik evaluering.

Auken i budsjett for 2023 er knytt til aukte energiprisar.

ANSVAR 1510 BIBLIOTEK

Posten for kjøp av bøker, musikk og anna materiell er vidareført på tilsvarande nivå som i 2021 justert for deflator. Me har dei seinare åra hatt ei positiv utvikling innanfor dette område og aukte opp mediebudsjettet med kr. 30` i inneverande år.

Dei siste åra har me hatt løpende prosjekt innanfor biblioteksdrifta vår. Me innførte meirope bibliotek i 2019, i 2021 har det vore arbeidd med spelrom og bibliotekautomat på Onarheim. I perioden har me også innlemma skulebiblioteket. Parallelt med dette er det gjennomført omfattande utskiftingar av samlinga vår, innføring av nytt biblioteksystem med vidare. I 2023 vert det lagt opp ny nettside for biblioteket og det vert prioritert arbeid med digital formidling.

Samla vert budsjett for 2023 redusert med om lag kr. 68` samanlikna med inneverande driftsår, me vurderer at endringar som er gjennomført ikkje vil ha negativ påverknad på tenestetilbodet.

4.1.4 KYRKJELEG ADMINISTRASJON

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
1570	Kyrkjeleg administrasjon	2 771 901	2 673 000	3,7 %	2 321 793

Ansvar for kyrkjeleg administrasjon er videreført på same nivå som 2022 justert for forventa løns- og prisvekst etter kommunal deflator. Kyrkjeverje har sendt over framlegg til budsjett med eit netto utgiftsnivå tilsvarende kr. 2 803 500, dette er marginalt høgare enn rådmannen sitt framlegg. Her skal me ha med oss at det vart gjort ein relativt stor auke i budsjetta frå 2021 til 2022, samanlikna med budsjett for 2021 har det vore ein vekst på nær 16 %.

	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner	1 169	1 207	1091	670
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,6 %	1,5 %	1,4 %	1,0 %

4.2 OPPVEKST – HOVEDKAPITTEL 1.2

	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
SUM OPPVEKST	87 292 957	84 015 187	3,90 %	81 923 510


Samla har oppvekstområde ein vekst på 3,9 % samanlikna med revidert budsjett for 2022. Endringa utgjer samla om lag kr. 3,3 mill. Dersom me justerer for deflator på 3,7 % for 2023 er det ein auke på nær kr. 169` samanlikna med 2022. Her må me mellom anna ha med oss endringar innanfor barnevern der kommunestyre oppretta ei ny stilling som får heilårseffekt i 2023.

4.2.1 ADMINISTRASJON

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
2000	Administrasjon oppvekst	525 621	520 664	1 %	512 566

Tiltaket er vidareført som i dag.

4.2.2 GRUNNSKULE – DATA



Figuren viser at Tysnes kommune har eit noko lågare utgiftsbehov for å dekka grunnskuletilbodet enn gjennomsnittet for kommunar u. Oslo og kommunar i Tysnes si KOSTRA gruppe. Ut frå utgiftsbehovet er det venta at Tysnes kan driva sitt grunnskuletilbod til ein lågare kostnad enn kommunar som har høgare utgiftsbehov, alternativt kan Tysnes velje å prioritere grunnskuletilbod høgare enn andre tenesteområder.

Ressursbruken er noko høgare enn utgiftsbehovet i seg sjølv skulle tilsei.

	Tysnes 2018	Tysnes 2019	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostra- gruppe 05	Landet u. Oslo
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern	145 198	146 647	144 009	144 009	137 565	118 837
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år, konsern	2 669	4 160	5 824	3 844	8 077	6 826
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år, konsern	22 183	22 332	23 844	25 329	24 556	21 268

Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år, konsern 6218 5267 2617 4 550 3 455 2 426

4.2.3.1 GRUNNSKULE

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
2100	Fellestiltak skulane	3 614 320	3 728 388	-3,1 %	2 956 479
2120	Onarheim skule	4 997 497	4 706 967	6,2 %	4 420 195
2140	Tysnes skule	23 286 674	23 413 183	-0,5 %	22 814 194
2150	Uggdal skule	14 262 532	13 985 016	2 %	12 259 515
Sum grunnskule		46 161 023	45 833 554	0,7 %	42 450 383

Grunnskule har samla hatt ein oppgang samanlikna med revidert budsjett for 2022 tilsvarande 0,71 %, dette utgjer totalt om lag kr 328` i meir kostnader samanlikna med 2022. Dersom me hadde lagt til grunn ei vidareføring av budsjett for 2022 justert for deflator har me ei innsparing på dette området tilsvarande nær kr. 1,4 mill. Det må i den samanheng nemnast at lønsoppgjer for undervisningspersonale ennå ikkje er ferdigstilt grunna lønskonflikten i år.

Elevtalet har hatt ein oppgang på ca. 40 elevar dei siste åra, noko som er svært gledeleg. Særleg gjeld dette Onarheim skule, som har dobla elevtalet. Auke i elevtalet her har ført til fleire klassar noko so er årsaken til at veksten på Onarheim er større enn for grunnskulesektoren under eitt.

Dette har ført til fleire klassar. På Uggdal skule har me dei siste åra gått frå å ha 1 klasse pr. trinn til 2 klassar pr. trinn. Det gjev ein auke på 4 pedagogar og fleire fagarbeidrarar/assistentar.

Pedagogtettleiken er og blitt høgare dei par siste åra. No skal det vera ein pedagog for kvar 15 elev på dei lågaste trinna, medan talet er 20 elevar pr. pedagog frå 5. klasse og oppover.

På SFO har me og hatt ein stor auke i tal elevar. Dette gjeld særleg frå me gjekk over til 5-dagars skule. Samstundes har føresette høve til å søka om redusert foreldrebetaling. 1. klassingar har tilbod om gratis SFO i kjernetid definert til å utgjera 12 timer for veka. Dette gjer at på SFO-området stig utgiftene, medan inntektene vert redusert. Til dømes hadde Onarheim skule tidlegare SFO-tilbod berre om ettermiddagen, ikkje om onsdagane eller i feriar. No har me dobla tal tilsette på jobb i SFO-tida kvar ettermiddag.

På Uggdal skule har me opptil 70 born på SFO dei dagane skulen sluttar tidlegare, noko som gjer me treng fleire tilsette på ettermiddagstid.


På Uggdal skule kjem bussane til skulen frå kl. 07.30 - 07.40. Elevane må ha eit visst tilsyn. No har me bemanna med ein assistent i kvar klasse for at elevane skal kunne eta og få ein god start på dagen. Skulen må sjå på moglegheita for å spare ressursar her, med å samla elevane i større grupper, så me får redusert trøngen for personale før skulen startar. Innsparinga dei klarar her vert ikkje teke ut som økonomisk vinst men opnar ofr at me kan flytta meir ressursar til SFO på ettermiddagstid.

Spesialundervisning: Nytt lovverk og nye retningslinjer gjev oss færre vedtak på timer avsett til spesialundervisning. Alle elevane skal ha tilpassa opplæring i klassane sine. Samstundes ser me at elevutfordringane er dei same, og i nokre tilfelle aukande. Dette gjer at om me har færre vedtak om spesialundervisning, må me sjå på vaksentettleiken i den einskilde klasse.

Me ser i år at dei store einskildvedtaka er fortrinnsvis i ungdomsskulen. Desse vert utfasa etter kvart, og det vil bli mindre trøng for assistenter på dei høgste trinna. Dette vil på sikt gje ei innsparing, men me må heile tida då sjå på pedagogtettleiken og trøng for vaksne i den einskilde klasse.

Frå hausten 2023 vil me redusera med ein pedagogisk medarbeidar, dette vart også gjort i 2022. Dette vil gje ei innsparing tilsvarende 61 % stilling i 5 månader medan det får fullårseffekt frå 2024.

4.2.4 BARNEHAGE - DATA



Figuren viser utgiftsbehov innanfor barnehagesektoren i kommune, me ser at Tysnes kommune har eit litt høgare utgiftsbehov innanfor denne sektoren enn KOSTRA grupper vår og landet u. Oslo. Ressursbruken viser at me prioriterer området litt høgare enn utgiftsbehovet vårt skulle tilsei.

	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	12,3 %	12,8 %	10,9 %	14,4 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	149 771	173 362	187 960	181 642

Produktivitet

Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	69,5	81,1	86,2	85,6
--	------	------	------	------

Tidsseriar:

<i>Netto driftsutgifter per innb. 0-5 år</i>	2018	2019	2020	2021
Tysnes	157 331	163 849	162 386	173 772
Kostragruppe 05	195 164	194 794	184 147	198 855
Landet uten Oslo	167 195	172 135	175 031	183 795
<i>Produktivitet-brutto driftsutgifter per Korrigert oppholdstime</i>	2018	2019	2020	2021
Tysnes	71,1	74,3	71,4	81,1
Kostragruppe 05	88,1	90,2	80,8	86,2
Landet uten Oslo	79,8	82,2	79,4	85,6

4.2.4.1 BARNEHAGE

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
2200	Fellestiltak barnehagar	2 451 899	2 230 619	9,9 %	2 486 942
2210	Stjernereiso barnehage	10 310 453	9 677 298	5,5 %	9 718 338
2220	Onarheim barnehage	3 832 279	3 607 628	4,8 %	4 025 316
2230	Vågsmarka barnehage	4 739 672	3 834 904	21,9 %	5 082 237
2230	Lunde barnehage	6 0090 521	6 861 035	-12,5 %	6 414 311
SUM Barnehage		27 425 203	26 211 484	3,49 %	24 618 338

Samla aukar barnehageområde med om lag kr 900` i 2023 samanlikna med revidert budsjett for 2022 dette svarar til ein auke på 3,5 %. Den største auken finn me naturleg nok på Lunde barnehage som fekk utvida med ein avdeling ekstra i 2021. Lunde barnehage har ein relativt stor nedgang som følgje av litt lågare barnetal, når det gjeld den store auken i Vågsmarka barnehage så er store deler av den knytt til ein budsjettfeil i inneverande år.

Utfordringa til sektoren dei siste åra, har vore ei monaleg auke i barnehageplassar. Me har utvida Stjernereiso og Lunde barnehage og Onarheim barnehage har ete seg innover i skulen. Med auke i tal plassar vil og driftskostnadene auke. Løn er den største kostnaden og på barnhageområdet dreier løn seg om meir enn 65 % av totale driftsutgifter, som er gjennomsnittleg del av driftsutgift knytt til løn for resten av kommunen.

Barnehagane har fastlagte krav til bemanning som seier kor mange pedagogar og fagarbeidarar/assistentar det skal vera i ei barnegruppe. Me har også ein makspris, som seier kor mykje me har høve til å ta betalt for ein barnehageplass. I tillegg har føresette og moglegheit til å søkja om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen. Pr. 01.10.22 dreier det seg om ein inntektsreduksjon på om lag 250.000,- Ut frå at både innsatsfaktorar, pris og andre rammer er sett for denne delen av verksemda vert det mest eit matematisk forhold mellom barnetal og driftskostnader, i alle fall så lenge me held bygg og eventuelle investeringskostnader utanom.

På barnhageområdet har me difor sett på andre mogleheter for innsparing:

Minste storleik på barnehageplassar:

Me har per i dag opna for å gje tilbod om plassar på 60 % og 80 %. Det kan liggja eit visst økonomisk potensiale i å berre gje tilbod om fulle plassar, me ser samstundes at det er få som nytta seg av dette tilboden, så innsparinga med å ta vekk dette tilboden, vil vera liten. Me har vurdert at det maksimalt vil kunne ugjera inntil kr. 50,- per år. Me meiner at innsparinga her ikkje vil stå i forhold til dei ulempene det vil ha for dei som vert råka og tilrår ikkje å gjennomføra det.

Rutinar for opptak:

Me ser at det kan vera trøng for å skjerpa inn rutiner for opptak for å sikra ein meir føreseieleg og styrt ressurssituasjon. I vedtekten heiter det i dag at:

«Det vert føreteke eitt hovudopptak i året, gjeldande frå barnehagestart i august. Søknadsfrist er 1. februar. Søknader som kjem inn etter den tid, vert vurdert etter kvart, dersom det er ledige plassar. Det vert elles sett opp venteliste.

Me vil råd til at søknadsfristen vert skjerpa inn. Det vil gje oss betre oversikt over tal born, og dermed kva me treng av tilsette. I dag fungerer det slik at me har eit «løpende opptak» heile året, noko som gjer at me ikkje får oversikt over trong for plassar/tilsette. Slik me ser søknadsmassen pr. d.d., vil me få ein reduksjon i tal på barn og tilsette frå hausten 2023. Hovudopptaket har søknadsfrist 1. februar, og når me ser på fødselstala, vil søkerjartala for dei som har rett til barnehageplass, ta seg opp etter opptaket. Me vil difor budsjettera med foreldrebetalning for tal born fødd i 2022 og som har rett på barnehageplass. Ut frå at det er redusert opptak er det lagt inn ein reduksjon tilsvarende 3 årsverk med verknad frå hausten 2023. Budsjettendringa er ført på ansvar for Onarheim – og Lunde barnehage. Endringa får 5 månaders effekt i 2023.

Feriestenging for barnehagar:

Me har sjekka rundt med andre kommunar, og det er vanleg å stengja barnehagar om sommaren. Nokre kommunar har «oppsamlingsbarnehage» som har utvida tilbod gjennom sommarferien. Det er mykje midlar å spara på å stengja Lunde, Onarheim og Vågsmarka i 4 veker. Då må alle tilsette ta ut ferie samstundes. Me legg til grunn ei innsparing tilsvarende kr. 300` for gjennomføring av ei slik ferieavvikling.

Stjernereiso barnehage skal ha feriestengt berre i 2 veker, noko som vil avhjelpe dei som har trong for barnehageplass disse vekene. Innsparinga kunne sjølv sagt vore større om me også gjennomførte 4 vekers ferie her, men me meiner det gjev ei dårlegare behovsdekking for innbyggjarane

Framlegg politisk:

Ein legger ikkje opp meir sommarstengte barnehagar slik som foreslått i budsjett, og aukar utgiftsbehovet med kr 300.000. Når rådmann leitar etter innsparinger for året 2024 ser kommunestyret at ein også kan sjå etter innsparinger i barnehagen, men dette må behandlast i SU og andre medverknadsorgan.

våre.

4.2.5 KULTURSKULE - DATA

	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	3 009	3 841	5 609	2 865
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	21 529	25 337	25 899	23 407
Prioritet -Netto driftstugifter per innb 6-15 år til kulturskule tidsserie	2018	2019	2020	2021
Tysnes	3 213	3 371	3 090	3 841
Kostragruppe 05	5 043	5 079	5 124	5 609
Landet uten Oslo	2 777	2 798	2 712	2 865

*Produktivitet, kor. brutto driftsutgifter
Kulturskule per brukar*

	2018	2019	2020	2021
Tysnes	18 702	25 061	22 110	25 337
Kostragruppe 05	19 057	22 540	22 349	25 899
Landet uten Oslo	22 234	22 347	21 546	23 407

4.2.5.1 ANSVAR 2301 KULTURSKULE

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
2301	Kulturskule	1 320 350	382 251	40,7 %	1 230 972

Hovudgrunnen til at me får ein kostnadsauke på kulturskulen for 2023 er at det i 2022 var ført kr. 290` i inntekter som skulle nyttast til å gje gratis tilbod i 2022, dette tilskotet er ikkje vidareført for 2023. Me har også auka budsjett for lærarkrefter med om lag kr. 70` samanlikna med 2022. Det er føresett at brukarbetaling går opp med kr. 50` som følgje av at gratistilbod no fell vekk.

Ordninga med redusert brukarbetaling for låginntektsfamiliar vert vidareført i 2023.

4.2.6 VAKSENOPPLÆRING OG OPPLÆRING AV FRAMANDSPRÅKLEGE

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
2420	Invandr.- og flyktn.underv.	-300 000	-383 224	21,7 %	-31 127

Dette ansvarsområde er vanskeleg å budsjettera rett, dette er mellom anna knytt til at tilskotsordningane innanfor dette område er bygd på veldig følsame modellar der ein person til eller frå kan få uforholdsmessig stor inntektskonsekvens.


Me har per no åtte elevar som får opplæring på Os, to av desse tek grunnskuleopplæring, resten gjennomfører undervisning i norsk og samfunnsfag..

Disse elevane kostar oss om lag kr. 50` per år. Me har budsjettert med kr. 300` ut frå ein føresetnad om at nokre av elevane vert ferdig til sumaren Her kan og kome deltagarar til etter kvart, og me er pliktig til å gje dei eit tilbod ganske snart etter at dei kjem til kommunen.

Flyktingundervisning av vaksne vert gjennomført i eigen regi. Her har me sett ein stilling på flyktingområde. Rektor meiner det er for lite. Det krev og ganske mykje administrative ressursar. Flyktingundervisninga vert tilført 40% stilling frå og med 01.11.22 grunna auke i elevmassen. Kostnader her vert ført på flyktingområde.

I budsjettframlegget er det føresett kr. 600` i statstilskot for undervisning av framandspråklege utan flyktingstatus.

4.2.7 TENESTER FOR BARN OG FAMILIE-DATA



Me ser av figuren at Tysnes kommune har eit noko lågare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet for barnevernstenester, me ser samstundes at me brukar vesentleg meir ressursar enn landsgjennomsnittet på denne tenesta. Dette kan vera naturleg ut frå politisk prioritering, men seier også noko om kva potensial som er for å driva tenesta meir effektivt. Me skal ha med oss at denne framstillinga baserer seg på tal frå 2021, budsjettetert nivå i 2023 er om lag 34 % høgare enn i 2021.

	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Prioritet				
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	39,0 %	37,4 %	48,7 %	52,5 %
Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251)	14,5 %	23,9 %	13,3 %	12,6 %

Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	46,6 %	38,6 %	38,0 %	34,9 %
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	278 100	315 550	215 991	232 207
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	9 209	10 957	12 324	10 834
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252)	203 364	300 250	480 480	430 792
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)	89 333	128 750	54 953	47 364
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	152 050	197 350	190 224	171 806
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,0 %	3,0 %	3,5 %	2,7 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	2,0 %	3,1 %	4,6 %	4,4 %
Kvalitet				
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	5,0	5,2	5,8	5,4

Helsestasjon og psykisk helse	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. helsestasjons- og skolehelsetjeneste (B)	949	1 130	998	835
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	13 219	16 209	18 223	13 450
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)	4 029	4 921	4 390	3 443
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	129,4 %	98,6 %	96,2 %	89,3 %
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder (B)	71,2 %	98,6 %	94,3 %	92,7 %
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års	42,9 %	160,0 %	94,4 %	94,1 %

alder (B)				
Andel kommuner med psykologkompetanse via ansettelse, samarbeid eller kjøp (prosent) (prosent)	100	100	67	79
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (B)	90,3 %	84,0 %	95,0 %	80,6 %
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	47,6	99,5	106,8	93,6
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. funksjon 232	23,8	24,9	13,1	8,3
Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent)	90,3 %	84,0 %	93,4 %	80,5 %
Jordmødre per 10 000 fødte i løpet av året (årsverk)			109,0	105,3

4.2.7.1 TENESTER FOR BARN OG FAMILIE

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
2910	Psykisk helsearbeid barn og unge	1 667 236	1 316 655	26,6 %	1 691 569
3120	Helsestasjon/jordmorteneste	2 155 433	2 143 664	0,5 %	1 587 276
3201	Barneverntenester	8 861 149	7 434 292	19,2 %	6 165 839
	SUM	12 683 818	10 894 610	16,4 %	9 444 684

Den samla veksten innanfor denne eininga er 16,4 % samanlikna med revidert budsjett for 2022. Me skal her også ha med oss at område også hadde ein stor auke frå 2021 til 2022, mellom anna som følgje av oppvekstreforma., auken var då på om lag 15 %. Samanlikna med rekneskap for 2021 er auken i utgifter på om lag 34 %.

I 2023 vert arbeid med førebyggjande plan for barn og unge prioritert, dette arbeidet kan opna for endringar i måten me nyttar dei samla midlane på. Arbeidet med BTI fortset også i 2023, det vert då einingsleiar for barnehage som overtar prosjekteiaransvaret.

I 2022 hadde kommunen om lag kr. 1,4 mill. i ekstra midlar for å følgje opp psykisk helsearbeid etter pandemien. Desse midlane var delt mellom barn og familie og psykisk helseteneste for vaksne. Eitt av tiltaka har vore å ha meir ope på Treffstaden, dette er midlar og stillingsressursar som ikkje er vidareført i 2023.

Det er innført krav om at alle kommunar skal ha ein eigen barnekoordinator, dette er ein funksjon og ikkje ei stilling. I utgangspunktet kan det vera naturleg at funksjonen vert lagt til eining for barn og familie, men det er ikkje endeleg avklart.

ANSVAR 2910 PSYKISK HELSEARBEID BARN OG UNGE

Til dette ansvaret ligg mellom anna kommunepsykolog og psykisk helsearbeidar for barn og unge. Området har ein stor utgiftsvekst inn mot budsjett for 2023, endringa her er ikkje knytt til vesentlege endringar i aktivitetsnivå.

I 2022 har me inntektsført kr. 600` i bunde fond knytt til arbeidet med BTI, i 2023 inntektsfører me resten av det bundne fondet, det utgjer kr. 350`. Berre denne endringa bidreg såleis med kr. 250` til utgiftsveksten i 2023. Det er også ført husleige for treffstaden, dette tilsvrar kr. 154` for 2023 og auke i lisenskostnader tilsvarande kr. 100` Ein del andre postar er redusert slik at det samla vert budsjettet med ein utgiftsauke på kr. 350`

ANSVAR 3120 HELSESTASJON OG JORDMORTENESTE

På helsestasjonen har me brukt mindre lønsmidlar enn budsjettet. Dette er fordi ein av helsesjukepleiarane har gått i 80% stilling. Dette er ikkje tilrådeleg å halda fram med, og me held difor fram med å budsjettera med to heile stillingar. Det er etterslep på lovpålagde oppgåver, så her jobbar me med å finna gode løysingar.

Det vert i budsjett for 2023 inntektsført kr. 462` i statstilskot, dette tilskotet vert gradvis trappa ned.

Det er ikkje føresett redusert driftsnivå i 2023 og årsaka til at budsjettområde har ei svakare vekst enn forventa løns- og prisvekst er at det i 2022 er gjort ein del innkjøp på innbu og utstyr som ikkje vil vera aktuelt å vidareføra.

ANSVAR 3201 BARNEVERN

Barnevern vart tilført ei ny full stilling etter vedtak i kommunestyre vinteren 2022, denne stillinga bidrar med ein auke i fastlønsbudsjettet å om lag kr. 700`. Den andre store endringa på dette ansvaret er at me truleg får ei ny omsorgsovertaking i 2023, her må me kjøpe fosterheim gjennom eit privat selskap då Bufetat ikkje har klart å rekruttera. Kostnad for fosterheim gjennom privat selskap er om lag kr. 100` per månad, dette aukar såleis kostnadene med om lag kr. 1,2 mill. på årsbasis.

Me har p.t. ei høg bemanning innanfor barnevern samanlikna med tal på saker, her må det vurderast korleis ressursane samla kan disponerast for å i størst mogleg grad styrka det førebyggjande arbeidet.

4.3 HELSE- OG OMSORG – HOVUDKAPITTEL 1.3

	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
SUM HELSE OG OMSORG	89 147 577	81 143 718	9,86 %	93 227 658

Det har ikkje lukkast helse og omsorg å komme i mål med eit budsjettforslag som tek inn sin del av innsparingane. Noko av dette er knytt til skeiv budsjettering, medan mykje av forklaringa er knytt til naudsynt auke innan pleie og omsorg, og skisserte organisasjonsendringar innan legearbeid, legekontor og helseavdelinga.

Den nominelle oppgangen samanlikna med revidert budsjett for 2022 er om lag kr. 8 mill., dersom me justerer 2022 tala for delflator så er auken om lag kr. 5 mill. Det samla sektorområde er i gang med omfattande organisasjonstilpassingar og det vil vera behov for vidare tilpassingar av drifta gjennom 2023.

Me vil koma nærare inn på årsakene til dette undervegs i notatet.


4.3.1 ADMINISTRASJON

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
3000	Helse- og sosialadministrasjon	1 969 705	878 525	124,2 %	2 279 928

Veksten på dette området er knytt til at løna ikkje er fordelt mellom tenesteområda, innanfor det samla sektorbudsjettet er dette nøytralt. Tidlegare har rådgjevar for helse og omsorg vore fordelt mellom aktuelle tenesteområder. I tillegg vert deler av kommunalsjefen si løn fordelt.

Når det gjeld stilling som rådgjevar har me flytta nokre oppgåver til andre deler av drifta, dette gjeld mellom anna rolla som personvernombod og tenester knytt til etterberekning av institusjonsopphald. Desse funksjonane er overført til rådmannskontoret og fellestenesta. Ei slik rydding gjer det mogleg å sikra at denne ressursen vert ein meir strategisk ressurs for å utvikla sektorområdet.

4.3.2 HELSE - DATA



Figuren viser tilhøve mellom ressursbruk og utgiftsbehov for kommunehelsetenester.

Me ser av grafen at Tysnes kommune har eit høgare utgiftsbehov for dette område enn landsgjennomsnittet, men at me også nyttar mindre ressursar enn landsgjennomsnittet på denne type tenester.

Prioritet	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. helsestasjons- og skolehelsetjeneste (B)	949	1 130	998	835
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	13 219	16 209	18 223	13 450
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)	4 029	4 921	4 390	3 443

Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, kommunehelse	6286	7960	5 877	4571
Netto driftsutgifter i prosent Kommunehelse (B)	6,8 %	7,2 %	7,1 %	6,6 %
Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. helsestasjons- og skolehelsetjeneste (B)	949	1 130	998	835
Dekningsgrad				
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	8,8	8,7	6,5	4,9
Ergoterapeuter (kommunehelse + omsorg) (årsverk)	1,6	1,6	52,1	2 233,0
Ergoterapeut Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	5,5	5,6	2,0	2,3
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	8,2	8,3	9,3	7,7
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	10,2	10,6	11,1	6,7
Kvalitet				
Antall åpne fastlegelister	2	2	52	616
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	825,0	836,0	947,0	1 145,0
Reservekapasitet fastlege	117,0	116,0	108,0	101,0

4.3.2.1 HELSE

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
3100	Offentleg legerabeid	681 319	531 378	28,2 %	403 735
3110	Legekontor	3 997 891	5 048 837	-20,8%	4 724 681
3130	Fysioterapi	1 714 372	1 653 152	3,7 %	1 690 708
3140	Ergoterapi	975 224	836 108	16,6 %	840 070
3370	Psykiatri	2 486 966	2 398 574	4,9 %	2 670 089
	SUM	9 855 772	9 914 017	-0,6 %	12 446 332

Til helseavdelinga ligg forutan legekontor også fysio- og ergoterapi og psykisk helse for vaksne. Samla er det føresett ein nedgang på dette tenesteområde tilsvarende 5,8%.

ANSVAR 3100 OFFENTLEG LEGEARBEID OG LEGEKONTOR

50 % av stillinga til kommuneoverlege er ført under offentleg legearbeid, dette er i samsvar med sentral forbundsvise særavtale mellom KS og Dnlf, fram til no har 40 % av stillinga vore avsett til offentleg legearbeid.

Til legekontoret ligg også legevakta. Kommuneoverlegen opplyser at den totale belastninga i høve legevakt og dagtidsarbeid på dei same legane, saman med eit aukande administrativt arbeid gjer at det er vanskeleg å komme i mål med alle oppgåvene som ligg til tenesta. Den digitale utviklinga har ført til at fastlegen har fleire digitale kanalar som må følgjast opp, og det er meir rapportering, oppfølging og krav til dokumentasjon. Slik situasjonen er i dag er rådmannen uroleg for kvalitetssikringa av det administrative arbeidet, og ei styrking er naudsynt for å ivareta dette. Styrkinga skal sikre forsvarlege berekraftige tenester. Lønsbudsjettet for legekontoret vert vidareført med 4 legeårsverk, inklusiv turnuskandidat, alle i fastlønsstillingar.

Styrkinga ved legekontoret utgjer 0,5 årsverk. Forkontoret har i samband med handtering av pandemien hatt ekstra inntak av vikarar tilsvarende 0,5 årsverk. Dette årsverket vert trekt inn samstundes som det vert tilsett ein ny einingsleiar i 100 % stilling. Det er gitt føresetnad om at einingsleiar skal inngå i dagleg drift, avhengig av bakgrunn/utdanning. Einingsleiar vil også leie helseavdelinga, under dette fysio-/ergoterapi- og psykisk helseteneste, og vil sikre ei strategisk tenesteutvikling også innan desse områda. Denne styrkinga vil soleis vere ei styrking både ved legekontoret og i helseavdelinga. Etter endringar i SFS 2305⁵, er det naudsynt å auka tal på timer me fakturerer Kvinnherad legevaktsamarbeidet. Dette timetalet vert endra frå 400 til 850 for 2023. Dette gir ei auka inntekt på kr 485⁶. På legekontor er forventa inntekter knytt til poliklinisk behandling auka opp med kr. 1,4 mill., det er i samsvar med prognose for 2022.

Det hefter ei vesentleg uvisse til budsjettering av drifta ved legekontor og legevakt, dette er knytt til om det lukkast å rekruttera kommuneoverlege, men også til framtidig organisering av tenesta og legevakt.

ANSVAR 3130 FYSIOTERAPI

Fysioterapiteneste har teke opp trøng for utstyr til gruppetrening, naudsynte kursutgifter og ønskje om å ta imot turnusfysioterapeut. Det er vurdert at gruppentreninga som fysioterapitenesta gjennomfører er gode tiltak som betrar helse og også gir andre positive ringverknader. Det ver sett av midlar til kjøp av utstyr til gruppentrening, naudsynte kursutgifter vert også stetta. Auka bruk av gruppepraksis gjev også auka inntekter gjennom eigenbetaling, desse inntektene vil dekka meirkostnader til utstyr.

Forslag om å ta inn turnusfysioterapeut vert det ikkje funne rom for i årets budsjett.

Det vert føresett same aktivitetsnivå både innanfor den kommunale fastlønspraksisen og i høve til private fysioterapeutar som har driftsavtale me kommunen. Fastlønstilskot som kommunen mottek er auka opp med om lag kr. 25⁷, kommunen sitt driftstilskot til private vert prisjustert og vil for 2023 utgjera om lag kr. 915⁸.

⁵ Sentral forbundsvise særavtale mellom KS og den norske lægeforening.

ANSVAR 3140 ERGOTERAPI

Ergoterapitenesta har teke opp trøng for nytt konkret medisinsk utstyr, og dette er teke til følgje, post for medisinsk forbruksmateriell er auka med om lag kr. 40[^], utover dette er det kjøp frå Tysnes Industri AS auka med om lag kr. 25[^]. Utøver dette er det mindre justeringar og tilpassingar på einskildposter..


ANSVAR 3370 PSYKIATRI

Psykisk helse har i 2022 hatt ei midlertidig styrking av eksisterande tilbod med 1,0 årsverk. Det har vore nytta for å ta unna og redusere ventetid for psykisk helsehjelp, i tillegg til lågterskel-tilbod som gaming-gruppe , «kaffipausen», turgruppe, og open hall for familiær. Denne styrkinga har blitt finansiert av prosjektmidlar frå Statsforvaltaren. Prosjektmidlar var delvis knytt til å handtera etterverknader av Covid for sårbare grupper, prosjektet har vore delt mellom psykiatri og psykisk helse for barn og unge. Prosjektet vert avslutta i 2023,

Psykisk helse har gitt innspel på å auke opp med eit årsverk i tenesta. Det er ikkje funne rom for ei slik styrking i 2022. Me må likevel ha med oss det som vert opplevd som eit auka trykk på tenesta. Tenesta peiker sjølv på at moglegheita for å søkje om tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren vil vere viktig, og er bevisst at det ikkje fører til nye behov, men dekkjer eksisterande behov. Vidare er det ønska å auke kurs-budsjettet, frå 21 000 i 2022 til kr 33[^]. Det er elles kome innspel om at det bør vurderast å skipa eit eige bufellesskap for personar med psykiske lidingar. Skal det opprettast eit slikt bufellesskap vil det ha konsekvensar for både drift og investering, noko som det ikkje er rom for i neste års budsjett.


Utover styrking av kursbudsjett og litt mindre justeringar av einskildpostar vert aktivitetene vidareført på same nivå som tidlegare.

4.3.3 NAV – SOSIALE TENESTER – DATA



Diagrammet viser at Tysnes kommune har eit relativt lågt utgiftsbehov knytt til sosiale tenester, ressursbruken ligg monaleg under det skisserte utgiftsbehovet.

Me nyttar i dag kr 1212 per innbyggjar til sosiale tenester, til samanlikning ligg KOSTRA gruppa vår på kr. 2478 og landsgjennomsnittet er kr. 2830. Justert for utgiftsbehovet vert tala våre kr. 1825 per innbyggjar medan Kostragruppa ligg på kr. 3020 og landet u. Oslo har kr. 3013.



Indeks innb. 16-22 år (3%)	93,3 %	102,1 %	102,3 %
Indeks innb. 23-66 år (21%)	88,4 %	93,0 %	98,3 %
Indeks uføre (11%)	88,2 %	110,6 %	106,0 %
Indeks flyktningar (15%)	5,9 %	48,6 %	87,6 %
Indeks opphopingsindeks (17%)	35,9 %	50,2 %	84,9 %
Indeks aleneboende 30-66 år (34%)	84,3 %	94,0 %	93,7 %
Utgiftsbehov - Sosiale tjenester (sum)	66,4 %	82,1 %	93,9 %

Tysnes 2020 Tysnes 2021 Kostragruppe 05 Landet uten Oslo

Prioritet	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Andel netto driftsutgifter til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B)	21,4 %	39,7 %	37,2 %	29,5 %
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (B)	10,8 %	2,8 %	6,6 %	11,3 %
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B)	48,9 %	24,1 %	26,0 %	33,3 %
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger	0,8	0,6	0,7	0,4

Dekningsgrad				
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B)	2,4 %		4,8 %	5,0 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	5,7	3,8	5,7	6,3
Gjennomsnittlig stønadstid for sosialhjelpsmottakere (antall)	4,4	3,9	4,4	5,0
Gjennomsnittlig utbetaling per stønadsmåned (kr)	9 195	8 887	9 041	10 160

4.3.3.1 NAV – SOSIALE TENESTER

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
3200	Sosiale tenester	3 666 857	3 275 159	12 %	2 962 301
3210	Mottak flyktningar	237 567	0	- %	876 410
	Sum	3 904 425	3 275 159	19,2 %	876 410

NAV – sosiale tenester og flyktningtenesta ivareteke økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, startlån og tilskot, kvalifiseringsprogrammet og arbeidet knytt til busetjing og integrering av flyktningar. Mottak av flyktningar vart avvikla i 2021, og er i 2022 starta opp igjen på ny, etter krigen i Ukraina og flyktningkrisa. NAV-sosiale tenester har 4,4 årsverk der 1,6 er nytilsett i år i samband med mottak av flyktningar frå Ukraina. I budsjettet for 2023 er det føresett at me vidareførar desse stillingane. Mottak av flyktningar vil gi kommunen ein estimert inntekt på kr 5,5 mill. i 2023. Inntektene vert fordelt på einingane som har utgifter knytt til dette, som vaksenopplæring, sosialtenesta med flyktningkonsulentar, lege/helsestasjonsarbeid og skule.

NAV må investere i nytt sakshandsamingssystem i 2023, og dette vert gjort over investeringsbudsjett. Kostnader til dette estimerast å vere om lag kr. 165` . Driftskostnader vil vere det same i høve noverande system.


Einingsleiar NAV peiker på at det er naudsynt å ta opp nytt lån til vidareutlån til startlån-ordninga. Nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken (2021-2024) har som mål å førebyggje bustadproblem, og at alle skal kunne skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Kommunen låner no ut innbetalte midlar, slik at det er naudsynt med nytt låneopptak. Sett i samanheng med dei generelt usikre økonomiske

tilhøva vil det vere føremålstenleg å ha høve til å bidra til eit godt bustadtilbod til vanskelegstilte. Det vert anbefalt å låne 6 mill. til dette føremålet.

Vidare er vert det gjort framlegg om å teikna avtale låneforvaltar for å ivareta kommunens startlån-portefølje, dette har ein kostnad tilsvarende kr. 32^o per år.

Budsjettet for sosialhjelp er auka med kr. 100^o dette er gjort for ivareta staten si avgjerd om at barnetrygd skal haldast utanom utmåling av sosialhjelp. Dette vart iverksett frå og med september 2022.

4.3.6 PLEIE OG OMSORG-DATA



«Netto driftsutgift i pleie- og omsorgstenesta per innbyggjar er noko høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppa og landet elles. I prinsippet kan me sei me har ei meirutgift samanlikna med Noreg totalt på om lag kr. 15 million som direkte følgje av demografien. Dersom me ser på nettoutgifter per innbyggjar for institusjon og heimebuande ser me ein tendens der større del av innsatsen vert kanalisert gjennom tenester til heimebuande»

Sitatet er henta frå førre økonomiplan og me ser det igjen i diagrammet som stipulerer utgiftsbehov og ressursbruk.

Indeks innb. 0-1 år (0%)	128,3 %
--------------------------	---------

- Indeks innb. 0-1 år (0%) ■ Indeks innb. 2-5 år (1%)
- Indeks innb. 6-15 år (2%) ■ Indeks innb. 16-22 år (2%)
- Indeks innb. 23-66 år (10%) ■ Indeks innb. 67-79 år (11%)
- Indeks innb. 80-89 år (20%) ■ Indeks innb. over 89 år (11%)
- Indeks basiskriteriet (1%) ■ Indeks reiseavst. innen sone (1%)
- Indeks reiseavst. til nabokrets (1%)
- Indeks PU over 16 år (14%)
- Indeks ikke-gifte 67 år og over (13%)
- Indeks dødelighetskriteriet (13%)
- Utgiftsbehov - Pleie og omsorg (sum)

Indeks innb. 2-5 år (1%)	103,9 %
Indeks innb. 6-15 år (2%)	89,4 %
Indeks innb. 16-22 år (2%)	93,3 %
Indeks innb. 23-66 år (10%)	88,4 %
Indeks innb. 67-79 år (11%)	148,8 %
Indeks innb. 80-89 år (20%)	159,4 %
Indeks innb. over 89 år (11%)	121,3 %
Indeks basiskriteriet (1%)	645,1 %
Indeks reiseavst. innen sone (1%)	222,6 %
Indeks reiseavst. til nabokrets (1%)	203,3 %
Indeks PU over 16 år (14%)	179,1 %
Indeks ikke-gifte 67 år og over (13%)	139,2 %
Indeks dødelighetskriteriet (13%)	100,8 %
Utgiftsbehov - Pleie og omsorg (sum)	143,8 %

Tabellen under viser utvalde KOSTRA tal

	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Prioritet				

Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	7,8 %	7,4 %	3,2 %	4,8 %
Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	2,1 %	2,3 %	1,1 %	1,4 %
Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	2 173	2 580	1 305	1 316
Produktivitet				
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 443 724	1 502 586	1 252 076	1 426 523
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	4 977	4 956	4 228	4 437
Dekningsgrad				
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg) (B)	75,9 %	79,3 %	90,2 %	104,6 %
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	37,3 %	39,2 %	44,1 %	48,8 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	35,1 %	40,6 %	33,3 %	28,8 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	9,8 %	9,6 %	11,9 %	10,9 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	34,5 %	34,5 %	32,5 %	28,5 %
Kvalitet				
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	99,5 %	98,7 %
Annet omsorgspersonell med helseutdanning Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	10,72	14,45	16,68	15,07
Geriatrisk sykepleier Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	10,26	10,41	5,98	3,98
Omsorgstjenestene i alt Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	322,86	312,42	405,70	285,91
Økonomi				
Korrigerte brutto driftsutg (234) aktiviserings- og servicetj. overfor eldre og personer med funk.nedsettelser	3 474	4 553	-	-
Korrigerte brutto driftsutgifter (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon	35 191	35 809	-	-
Korrigerte brutto driftsutgifter (254) helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	41 136	43 208	-	-

Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Pleie og omsorg	29 575	31 681	34 515	24 625
---	--------	--------	--------	--------

Produktivitet: Korr brutto driftsutgifte institusjon per kommunale plass	2018	2019	2020	2021
Tysnes	1 510 409	1 528 087	1 482 704	1 502 586
Kostragruppe 05	1 197 676	1 234 803	1 195 468	1 252 076
Landet uten Oslo	1 306 617	1 329 892	1 338 015	1 426 523

Andel bebuarar i institusjon av antall plasser	2018	2019	2020	2021
Tysnes	93,1 %	89,7 %	75,9 %	79,3 %
Kostragruppe 05	100,0 %	98,2 %	93,8 %	90,2 %
Landet uten Oslo	106,9 %	107,8 %	103,8 %	104,6 %

Andel innbyggjarar over 80 pr som nyttar heimetenester	2018	2019	2020	2021
Tysnes	43,1 %	42,2 %	35,1 %	40,6 %
Kostragruppe 05	36,0 %	37,1 %	34,2 %	33,3 %
Landet uten Oslo	31,6 %	30,3 %	29,2 %	28,8 %

Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	2018	2019	2020	2021
Tysnes	32,7 %	33,3 %	37,3 %	39,2 %
Kostragruppe 05	20,6 %	41,4 %	43,8 %	44,1 %
Landet uten Oslo	47,5 %	47,9 %	48,4 %	48,8 %

4.3.6.1 PLEIE OG OMSORG

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
3310	Tysnes omsorgssenter	32 826 445	30 547 763	7,5 %	31 167 512
3330	Heimesjukepleie	21 303 016	15 911 306	33,9 %	16 114 363
3340	Heimehjelp	613 474	3 692 615	-83,4 %	4 326 981
3351	Haugen bufellesskap	9 173 164	8 329 043	10,1 %	9 870 232
3352	Vågsmarka bufellesskap	5 804 265	4 832 383	20,1 %	5 521 184
3400	Tiltak for funksjonshemma	3 542 665	2 868 573	23,5 %	4 123 311
3410	Dagsenter	2 124 610	2 111 754	0,6 %	1 975 039
SUM PLEIE OG OMSORG		75 387 639	68 293 436	9,4 %	71 064 939

Pleie og omsorg er delt i ei eining for open omsorg og ei for institusjon. Samla er det lagt opp til ei endring på 9,4 % samanlikna med revidert budsjett 2022. Ser me det opp mot rekneskap for 2021 er det ein samla auke på 6,1 %. Auken er klart størst i open omsorg som får ein auke på om lag kr. 4,5 mill. Det tilsvarar om lag 12 % samanlikna med revidert budsjett for 2022. Det er fleire årsaker til denne store auken, delvis vert det gjort eit grep for å styrka bemanning i heimesjukepleien og delvis er det knytt til justering av forventa refusjonar for ressurskrevjande brukarar.

Auken kan sjåast i ljos av at det i tenesta er eit stort gap mellom utgiftsbehov og ressurstildeling frå før. For å møta dei langsiktige utfordringane innanfor dette viktige sektorområde bør det gjennomførast ei fullstendig gjennomgang av måten me organiserer drifta på. I ein slik gjennomgang må me gje raun og vurderingar på balansen mellom korttids- og langtidsopphold på institusjon, utmåling av tenester innanfor open omsorg, servicekonsept og drift knytt til omsorgsbustader med heildøgn bemanning, tenester for funksjonshemma, under dette drift av bufellesskap og dagaktivitetstilbod. Me må også vurdera stillingsstruktur og turnusordningar for stillingar der me ser at me ikkje klarer å rekruttera.

ANSVAR 3310 TYSNES OMSORGSSENTER

Drifta ved omsorgssenteret er vidareført som i dag, talet på budsjetterte årsverk i 2023 er 38,42. Det er eitt årsverk meir enn budsjett for 2022, dette må sjåast i samanheng med prosjekt for auka grunnbemanning og er stort sett knytt til utviding av stillingar. Einingsleiar har spelt inn ønskje om å styrka bemanning på kveld noko som ville medført ei styrking tilsvarende 1,5 årsverk. Innspelet er ikkje teke til følgje.

Me ser at driftsutgifter har auka jamt sidan innflytting i nytt bygg, dette er ikkje overraskande. Me ser at belegg har vore noko lågare i 2020 og 2021 enn tidlegare, dette er eit forhold som me bør sjå nærmare på for å vurdere om det er mogleg å auke inntektene. Her vert det også eit tilhøve mellom open omsorg og institusjon då lågt belegg fort slår inn i tenesta for open omsorg. Me bør arbeide med grensesnitta mellom open omsorg og omsorgssenteret i 2023 med sikte på å sikra ei mest mogleg rasjonell drift.

Me ser at det er utfordringar knytt til rekruttering i ein skilde stillingar ved tenesta, dette gjeld i hovudsak stillingar på natt og helg. Så lenge me ikkje klarer å rekruttera her vil det vera trond for bruk av eksterne vikarar. Her må me i løpet av 2023 gjennomføra ein prosess for å vurdera om det er mogleg å gjera alternative grep opp mot turnus og stillingsstruktur. Når det gjeld arbeid på helg er det iverksett arbeid knytt til eit bonussystem for ekstra helger.

Inntekter er vidareført på same nivå som i revidert budsjett for 2022.

Det er i budsjettet føresett at omsorgssenteret nyttar testamentariske gåver til noko inventar og utstyr, totalt er det lagt opp til ein bruk av gavefondet på kr. 200`.

ANSVAR 3330 HEIMESJUKEPLEIE OG ANSVAR 3340 HEIMEHJELP

I budsjettframlegget vert ansvarsområda for heimehjelp og heimesjukepleie slått saman, det inneber ikkje i seg sjølv noko organisatorisk endring, men det kan vera ønskjeleg å i større grad vurdera aktiviteten under eitt.

Som nemnd over er tendensen at det er ei auke i tenester til heimebuande. Open omsorg har omlag 30 tilsette. Talet tenestemottakarar varierar, men har ikkje gått ned. Eit augeblikksbilete for oktober 2020 – 2022 syner følgjande tal tenestemottakarar for heimehjelp og heimesjukepleie:

Dato for måletidspunkt	Talet tenestemottakarar
17.10.2020	97


17.10.2020	97
17.10.2021	97
17.10.2022	97
17.10.2023	97

17.10.2021	122
17.10.2022	151

Open omsorg yt også andre tenester som tryggleiksalarm som skal utleverast, vedlikehaldas og rykkast ut til, matombringing, prøvetaking og formidling av disse, legemiddelsamstemming osv. Tenestene har auka i omfang og kompleksitet, og tenestemottakarane er sjukare. Det er også verdt å merke seg at kommunen har ein lågare dekningsgrad på institusjonsplassar til dei over 80 år, i høve samanliknbare kommunar, landet og fylket. Det er ikkje mogleg å planleggje drifta fast, då behovet er varierande, og må dekkjast med tilgjengelege ressursar til ein kvar tid. Etter kommunehelsetenestelova har kommunen plikt til å yta heimetenester når tenestemottakarane har eit behov, og oppheld seg i kommunen.

Prosjekt for auka grunnbemannning har gjort at fleire av dei tilsette har fått auka stillinga si. I 2022 har open omsorg gjennomsnittleg stillingsbrøk på 78%, mot 53% i 2018. Ein ulempe av at fleire jobbar i større stilling er at det er færre eigne vikarar å ta av. Det siste året har det vore trond for nytta eksterne vikarar for arbeider både helg og vekedagar.

Dette må også sjåast i samanheng med stort sjukefråvær i byrjinga av året, og vanskar med å rekruttere helsepersonell. Eininga var i 2022 tilført ein ressurs som avdelingssjukepleiar, som var løyst innanfor dei økonomiske rammene for eininga. Einingsleiar har grundig dokumentert behov for meir ressursar for ein ekstra arbeidsliste på dag, kveld og helg, og for å dekkje behovet for ein teneste med døgnkontinuerleg drift vert det er det trond for 2,8 årsverk. Til dette høyrer då også trond for ein ekstra bil. Vurderinga administrasjonen har gjort er at det er naudsynt med ein auke, for å klare å ivareta lovpålagede tenester til heimebuande. Dette er i tråd med Leve-heile livet reforma å nytte tenester som støtter at innbuarane våre kan fortsette å bu i eigen bustad. Styrkinga er også naudsynt for å sjå på tenesteorganisering og utvikling, samt for å kunne jobbe systematisk med kvalitetsarbeid og velferdsteknologi.



Grafen viser at det har vore ei viss styrking av heimebaserte tenester frå 2017 til 2022. Endringa er stort sett kome i form av nye stillingar som sjukepleiar eller helsefagarbeidar. Me ser at tenesta i dag har ein vesentleg anna kompleksitet enn for nokre år sidan.

Rekrutteringssituasjonen til open omsorg er etter kvart vorte rimeleg grei og dei fleste stillinga er no fylt. Me har då med oss at denne tenesta ikkje har same utfordring knytt til nattstillingar som omsorgssenteret.

Utover dei endringar som følgjer styrka bemanning er det føresett vidareføring av dagens driftsnivå.

ANSVAR 3351 HAUGEN BUFELLESSKAP OG ANSVAR 3352 VÅGSMARKA BUFELLESKSAP

Bufellesskapet er vidareført i same omfang som tidlegare, med nokre justeringar.

Innslagspunkt for ressurskrevjande brukarar er auka med kr 56` per brukar for 2022 Dette utgjer kr 313 600 i auka eigenandel for kommunen. Me anslår ein refusjon på ca. 5 mill. for 2023, dette er ein inntektsreduksjon som samla tilsvrarar om lag kr. 1,2 mill. Driftsauken utover dette er knytt til justeringar av kvelds- og helgetillegg, det er rekna ein meirkostnad knytt til dette på kr 320` .

ANSVAR 3410 DAGSENTER

Dagsenter for utviklingshemma ligg under Haugen bufellesskap. Kommunale dagsenter er eit viktig tilbod for å bidra til dagaktivitet for personar med utviklingshemming. Kommunen har ansvar for at innbyggjarane får moglegheit til å ha eit aktivt og meiningsfullt liv. Tilbod om dagaktivitetar er derfor ein del av det kommunale tenestetilbodet. Dagsenteret har fått oppgradert deler av lokala i samarbeid med uteigar, og husleigeavtalane er revidert.

Einingsleiarane gjer fortløpande vurderingar ut i frå kva bemanning som er naudsynt ut i frå tenestebehovet, og eventuell trong for å sjå på tenestetilbodet og vurdere omstillingar dersom det er føremålstenleg. Det er foreslått redusert med omlag 0,2 årsverk fordi det er færre bebuarar som nyttiggjer seg dette tilbodet. Det kan vera trong for å ha ein gjennomgang av det samla tenesteområdet for tenester for funksjonshemma for å sikra ei mest mogleg optimal drift både økonomisk, men også i høve til brukarane sine behov. Det kan også vera aktuelt å vurdera endringar i turnus. Ein slik prosess vil krevje god medverknad av tilsette gjennom tillitsvalde og verneombod, me må vera opne for å gå gjennom dette i løpet av 2023.

TILTAK FOR FUNKSJONSHEMMA

Når det gjeld tiltak for funksjonshemma er tenestekjøp knytt til ordninga med brukarstyrt personleg assistent (BPA) den største posten på om lag kr. 2,3 mill. Me ser at denne posten må justerast opp, forventa nivå på BPA ordninga i 2023 er kr. 3 mill. dette er ein auke på om lag kr. 700` samanlikna med budsjett for 2022. Samanlikna med rekneskap for 2021 synes endringa meir å vera ei justering opp mot det faktiske nivået i tenesta.

4.3.7 TRYGDE OG OMSORGSBUSTADER

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
3361	Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-1 343 457	- 1 295 522	3,8 %	-1 032 061
3362	Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-1 058 657	- 1 020 884	3,7 %	-856 393
3363	Trygde- og omsorgsbustader, Nymark	0	-16 644	-	-110 048

Trygde og omsorgsbustader er budsjettert vidare med om lag same inntektsnivå som i dag justert for deflator for 2023. Bustadane på Nymark er solgt.

4.3.8 FRIVILJUGSENTRALEN

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
3600	Friviljugsentral	432 150	561 598	-23 %	403 955

Frivilligsentralane er lokale møteplassar som skal stimulere til frivillig innsats, samt vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor. For 2022 vart det betalt ut eit statstilskot tilsvarende kr. 448` pr sentral med 100% stilling Regjeringa har vedteke ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar. Frå og med 2023 skal tilskotet til frivilligsentralar fordelast etter denne. Kommunen må søkje om tilskot i samarbeid med Frivilligsentralen. Forskrifta skal sikre øyremerka midlar til frivilligarbeidet. Vi vurderer at tilskotet vil vere om lag kr 480` for 2023. Når det ser ut som at driftsnivået for frivilligsentralen vert trekt ned samanlikna med dagens drift så er ikkje det rett. I samband med ny finansieringsmodell for Frivilligsentralar i 2022 vart ikkje inntektene avklart før etter at budsjettet var lagt, det betyr at me i 2023 har budsjettet med ein inntektsauke på om lag kr. 192`

Bua er eit prosjekt under frivilligsentralen, der ein kan låne sport- og friluftsutstyr gratis. Dette vert drifta dei tilsette i frivilligsentralen. Bua er no lokalisert i hallen, og me har ikkje lenger utgifter til ekstern utleigar.

Frivilligsentralen har i 2022 forsøkt, og har vidare eit ønskje om å tilby ungdom arbeidstrening ved SFO. Dette tiltaket har vert positivt for borna i SFO, for dei tilsette og for ungdommane som får prøve seg i jobb. Me har estimert at prosjektet har ein årleg kostnad på kr. 95`. Me ha dessverre ikkje funne rom for dette i vårt framlegg til budsjett. Frivilligsentralen ønskjer å undersøkje alternativ finansiering for dette.

I samband med budsjettet for 2023 har frivilligsentralen ønska kr 50 000,- til å halde fram med seniortreff. Dette vert ein del av planlagt finansiering saman med midlar frå kraftlaget, andre kjelder og dugnad. I denne omgang har me ikkje funne rom for å stette dette.

4.4 LANDBRUK OG TEKNISK – HOVUDKAPITTEL 1.4

	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
SUM LANDBRUK OG TEKNISK	24 390 900	25 718 670	-5,16 %	36 637 158

Samla har ansvarsområda under dette kapitelet har eit reduksjon i driftsnivå på om lag 5,16 % for budsjettåret 2023. Det bør merkast at det også vart gjort kutt inn til 2022 på 21,8 % (der deler av dette var ekstraløyvingar i samband med covid-19) og at området er nede på eit nivå som ikkje vil vera berekraftig over tid. I 2023 er det prioritert tiltak som er naudsynte for å ikkje få store utgifter på kort sikt. På lang sikt vil dette nivået føra til eit vedlikehaldsetterslep.

4.4.1 JORDBRUK – SKOGBRUK – VILTFORVALTNING.

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
4100	Jordbruk	1 469 884	1 417 439	3,7 %	1 322 151
4220	Viltforvalting	0	0	-	-

Når det gjeld jordbruk så har me ikkje motteke budsjettframlegg frå Bjørnefjorden landbrukskontor, men me føreset at dagens nivå vert vidareført. Her er det også slik at det har vore noko vakansar gjennom året i år, dette skal avreknast ved starten av neste driftsår så det er mogleg at område kunne vore trekt ned litt.

I høve til ansvar for viltforvaltning så er det lagt opp til vidare vekst i Viltfondet, budsjettet fondsavsetning er kr. 63` Tilskot er føresett sett til kr. 30`, kostnader til ettersøk og andre kjøp av tenster frå private er budsjettet til kr. 82` Fellingsløyver er budsjettet til om lag 179`.

4.4.2 KART – OPPMÅLING - SKILTING.

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
4300	Kart, oppmåling, skilting m.m.	1 198 411	1 279 274	-6,3%	1 346 354

Kart og oppmåling er sett saman av sjølvkostområde knytt til kart og oppmåling samt fleire andre områder som ikkje kan finansierast gjennom sjølvkost. Samla sett er det estimert at det går med 1,05 årsverk til arbeidet som er under sjølvkost. Det vert lagt fram eit eige notat om sjølvkostområda i tråd med bestillinga gitt av kommunestyret under førre budsjetthandsaming.

Det er budsjettert inn om lag kr. 1,1 mill. i inntekter gjennom gebyr. For området er det pt. ein del saker i kø, og dersom desse ikkje vert handsama innanfor gitte tidsfristar vil det føre til ein reduksjon av gebyret. Det er derfor sett av ei ramme på kr 300' til å løyse etter etterslep av saker på området, truleg gjennomført med noko innleige av oppmålingstenester. Elles er området elles ført vidare om lag som før.

4.4.3 BYGGFORVALTNING

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
4420	Byggforvalting	471 520	706 249	-33,2%	918 523


Området er eit sjølvkostområde der det estimert går med 2,45 årsverk til arbeid som er under sjølvkost. Området har ein relativt stor nedgang frå 2021 til 2022, men dette er i all hovudsak knytt til ein estimert auke i inntekta på området. Det er eit mål for området å gjennomføra fleire tilsyn i 2023. I forbindelse med tilsyn kan me auka bruken av konsulentteneste for å få gjennomført det og finansiera det gjennom bruk av fond avsett til ulovlegsoppfølging av slike saker.

4.4.4 BRANN- DATA


Prioritet	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05 Landet uten Oslo	
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	15,4	17,7	15,0	16,3
Brann- og ulykkesvern netto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	2,1 %	2,0 %	1,7 %	1,5 %
Netto driftsutgifter til funksjon 338 forebygging pr. innbygger	68	108	83	79
Netto driftsutgifter til funksjon 339 beredskap pr. innbygger	1 457	1 512	1 317	907
Årsgebyr for feiling og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	649	518	581	533
Økonomi				
Korrigerte brutto driftsutgifter (338) forebygging av branner og andre ulykker	349	601	-	-
Korrigerte brutto driftsutgifter (339) beredskap mot branner og andre ulykker	3 907	4 009	-	-

Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Brann og ulykkesvern
(Kommunekasse)

1 456 1 599 860 602



Brann- og ulykkesvern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter
(prosent)



Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Brann og ulykkesvern

4.4.4.1 BRANN

Ansvar	Ansvar (T)	Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
4410	Brann	4 465 999	4 241 283	5,3 %	4 320 479

Samla sett vil området for brann i 2023 vidareførast om lag som for 2022. Området er vidare delt i tre funksjonar der ein er førebyggande arbeid, ein er feiring og tilsyn i private bustader (sjølvkostfinansiert) og den siste og største funksjonen er beredskap og gjennomføring av dei beredskapsoppgåvene som ligg til brannvesenet.

Under brannområde ligg funksjonane førebygging, feiring og vanleg tilsyn samt beredskap, fordeling mellom funksjonane er slik:

Funksjon	Funksjon (t)	Budsjett 2022
3380	Førebygging av brann og andre ulukker	442 397
3381	Feiring og vanleg brannsyn	-117 518
3390	Beredskap mot brann og andre ulukker	4 141 120

Veksten innafor fagområde brann er også i 2023 knytt til funksjonen for beredskap der det er ein auke i budsjettet ramme tilsvarende 5,8 %. Det er gjort ein del justeringar på einskildpostar, men den viktigaste endringa er knytt til at den økonomiske ramma for vakt, øving og beredskapsgodgjersle er auka med om lag kr 200`. Det er også lagt inn midlar til arbeidsklede og verneutstyr for nytt mannskap.

Område har nokre uløyste utfordringar og lovkrav som ikkje er løyst eller tatt omsyn til i dette framlegget. Dette er mellom anna knytt til kravet om overordna vakt som me ikkje har mannskap og kompetanse nok til å realistisk sett klare å gjennomføre det fult ut i eigen regi. Det pågår derfor dialog med andre brannvesen for eit mogleg samarbeid som det eventuelt blir lagt fram ein eigen sak på.


4.4.5 TEKNISK DRIFT-DATA

VATN, AVLØP OG RENOVASJON

	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Produktivitet				
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb)	1 785	2 448		1 275
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	1 910	1 950		1 860
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (kr)	1 567	2 092	3 001	3 140
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	4 300	4 300	4 604	4 435
Årsgebyr for septiktømming - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	894	894	1 621	1 681
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	3 450	3 250	4 125	4 033
Kvalitet				
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	31,0	32,0		34,0
Økonomi				
Avløp - Finansiell dekningsgrad (B)	118	93	100	99
Renovasjon - Finansiell dekningsgrad - avfall (B)	93,5 %	84,6 %	98,6 %	100,1 %
Vann - Finansiell dekningsgrad (B)	123,2 %	75,9 %	95,8 %	97,8 %


SAMFERDSLE	Tysnes 2020	Tysnes 2021	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
Prioritet				

Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)	3,0 %	5,7 %	2,6 %	2,0 %
Brutto driftsutg til gatebelysning langs kommunale veier og gater per kilometer blystt vei (kr)	16 750	16 750	14 475	25 675
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. innbyggere for komm. vei og gater (B)	1 558	3 406	1 467	880
Brutto driftsutgifter til samferdsel i kr per innbygger	2 498	4 981	2 483	1 976
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	118 033	228 541	104 878	166 720
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	119 933	232 082	116 208	182 969



BYGG OG EIGEDOMSFORVALTNING**Tysnes 2020****Tysnes 2021****Kostragruppe 05****Landet uten Oslo**

Prioritet				
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B)	6 939	7 835	7 554	6 225
Samlet areal på administrasjonslokaler i kvadratmeter per innbygger (B)	1,0	1,0	0,8	0,5
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter per innbygger (B)	8,7	7,0	7,8	5,1
Samlet areal på kommunale idrettsbygg i kvadratmeter per innbygger (B)	0,8	0,7	1,0	0,6
Samlet areal på kommunale kulturbrygg i kvadratmeter per innbygger (B)	0,0	0,0	0,5	0,4
Produktivitet				
Korrigerte brutto driftsutgifter til administrasjonslokaler per kvadratmeter (B)	389	430	944	1 123
Korrigerte brutto driftsutgifter til førskolelokaler per kvadratmeter (B)	1 163	1 412	1 512	1 740
Korrigerte brutto driftsutgifter til institusjonslokaler per kvadratmeter (B)	612	1 465	902	1 178
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per kvadratmeter (B)	947	1 084	793	1 307
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale kulturbrygg per kvadratmeter (B)	0	0	939	1 064
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolelokaler per kvadratmeter (B)	1 141	1 199	1 093	1 158
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i communal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	287	372	82	111



Utgifter til vedlikehald per m² i kommunal egedomsforvaltning

4.4.5.1 TEKNISK DRIFT

		Budsjett 2023	Rev. budsjett 2022	Endring 2023 mot rev budsjett 2022	Rekneskap 2021
4500	Bygg- og egedomsforvalting	6 562 042	6 713 608	-0,8 %	7 887 534
4590	Vegar	7 494 764	7 229 381	3,7 %	12 613 598

4502	Reinhalde - fordelt	4 229 929	4 079 006	3,7 %	5 729 427
4560	Renovasjon	-322 093	-224	-	121 843
4570	Kloakk	- 507 437	49 320	-	-304 898
4580	Vassverk	-772 120	3 335	-	973 191

Eininga sitt budsjett omfattar drift og vedlikehald av Tysnes kommune sine bygg, vegar, vassforsyning, avlaup, renovasjon og kyrkjegardar.

5.4.5.1 BYGG OG EIGEDOMSFORVALTNING

Bygg og eigedomsforvaltning utfører drift og vedlikehald av den kommunale bygg- og anleggsmassen. På området ligg det i all hovudsak faste kostnadar som lønn, forsikring, kommunale gebyr og vedlikehaldsavtalar på utstyr for bygga i Tysnes kommune. I tillegg ligg det også ein tiltakspott som er knytt til gjennomføring av vedlikehald. For 2023 er denne sett relativt lågt til 1,5 mill. Til samanlikning har denne vore oppe i 3,6 millionar for 2021 når området fekk ein del ekstraløyvingar gjennom stimuleringsmidlar i samband med Covid-19. Dette vil dekka tiltak som er naudsynt for å ivareta helse, miljø og tryggleik for brukarane, samt heilt nødvendig tiltak som til dømes kan vera å stoppa lekkasjar frå tak.

Det er også lagt opp til at ein gjennomgang av driftsavtalar for service og renovasjon vil føra til ein innsparing. For renovasjon har ein del av bygga våre kostbare løysingar der leige av konteinrarar utgjer ein vesentleg del av kostnaden. Her vil me finna andre løysingar, til dømes med pappkomprimatorar og henting av papp og papir på pall framfor å leige konteinrarar. For serviceavtalar er me ganske fragmenterte og har ulike leverandørar på dei ulike bygga. Ved å samla desse i fellesavtalar estimera me ein viss innsparing.

5.4.5.2 VEGAR

Samla er området vidareført på om lag same nivå i fjar, men justert opp tilsvarande den kommunale deflatoren på 3,7 %.

Innanfor området er det gjort nokre justeringar. Kostnader til drift av vegljos er sett ned med om lag 300'. Dette er knytt til av Vestland fylkeskommune overtek driftsansvaret for sine eigne vegljos. Dette medfører også at tilskotet me får frå dei går ut, men dette tilskotet har ikkje fullfinansiert drifta, og spesielt ikkje med dagens straumpris.

Me ser vidare føre oss at området vert råke ganske hardt av den generelle prisauken på varer og tenester. Kostnader til drivstoff, asfalt og vegsalt har alle auka monaleg i 2022 og vil truleg også vera høge i 2023.

I beløp er det sett av 3,7 mill. til driftsavtalar (brøyting, grøfterensk, vegetasjonsrydding mm.) og 1,7 mill. til asfaltering.

4.4.5.4 KLOAKK/RENOVASJON/VATN.

Sjølvkostområda for kloakk, renovasjon og vatn vert vidareført på om lag same nivå som tidlegare. Områda for vatn og kloakk har gjennomført ein del lånefinansierte investeringar dei siste åra og vert dermed ganske hard påverka av auka finansielle kostnadars som igjen gjer direkte påverknad på gebyra. For nærmare detaljar sjå den vedlagte budsjettrapporten for sjølvkostområda.

6 INVESTERINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Ein samla oversikt over alle investeringar i økonomiplanperioden ligg vedlagt til slutt i økonomiplandokumentet. Vidare i dette kapittelet er investeringane delt inn i underkapittel for ulike områder. Viss det oppstår avvik mellom underkapitla og den samla oversikta i løpet av budsjettarbeidet, vil den samla oversikta vera gjeldande i vedtaket.

I den vidare omtalen av investeringar i økonomiplanen er det spesifisert for fleire av prosjekta kor godt omfanget og økonomien i prosjekta er utgreidd. Desse er omtalt etter følgjande modell:

Svært godt utgreidd	Prosjekt der omfanget er ferdig spesifisert og avklart og der prisar er avtalt med leverandøren eller leverandørane i prosjektet.
Godt utgreidd	Prosjekt der me kjener til omfanget av prosjektet og me har tilgang på erfatingsprisar eller budsjettprisar frå leverandør eller leverandørar.
I mindre grad utgreidd	Prosjekt der omfanget er kjend, men det føreligg ikkje erfatingsprisar eller budsjettprisar for prosjektet.
Ikkje utgreidd	Prosjekt der omfanget ikkje er avklart og/eller det ikkje føreligg erfatingsprisar eller budsjettprisar.

Me må ha med oss at me ikkje har oppjustert alle kostnadsestimat med 7,3 % som er regjeringa sitt anslag på vekst i investeringskostnader for 2022.

6.1 ADMINISTRASJON OG ØKONOMI

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Administrasjon og økonomi						
Eigenkapitalinnskot KLP	Årsprosjekt	700 000	700 000	700 000	700 000	2 800 000
Sum Administrasjon og økonomi		700 000	700 000	700 000	700 000	2 800 000

Eigenkapitaltilskotet som vert ført under administrasjon og økonomi. Eigenkapitaltilskotet vert ført som investering, men det er ikkje rom for å lånefinansiera dette og dei vert derfor finansiert frå drift.

Eit mogleg alternativ til å finansiere eigenkapitalinnskotet er ved hjelp av bruk av eit investeringsfond. Då vil me frigje tilsvarande sum i driftsrekneskapen.

6.2 NYE BYGG OG ANLEGG

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Nye bygg og anlegg						
Onarheim barnehage	45 000 000	8 931 000	33 231 000			42 162 000
Nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter	37 500 000			37 500 000		37 500 000
Forprosjekt skulebruksplanen	2 000 000		2 000 000			2 000 000
1-4 skule på Gjerstad og ombygging av Uggdal skule til barnehage	90 000 000			40 000 000	50 000 000	90 000 000
Bustadfelt Sauabakkane	29 250 000	1 250 000	13 000 000	15 000 000		29 250 000
Statleg sikring Peralio friluftsområde	Årsprosjekt	178 000				178 000
Aktivitetspark Kyrkjevatnet	Årsprosjekt	660 000				660 000
Plasthall i Eredalen	Årsprosjekt	1 000 000				1 000 000
Sum Nye bygg og anlegg	12 019 000	48 231 000	92 500 000	50 000 000	202 750 000	

For Onarheim barnehage ligg det inne oppstart av byggjearbeid i 2023 og vidare arbeid og ferdigstilling av prosjektet i 2024. Summane er justert frå førre års økonomiplan etter SSB sin indeks for byggjekostnadsindeks for bustader. Denne justeringa utgjer 3,8 % frå oktober 2021 til september 2022. Prosjektet er godt utgreidd.

Nye omsorgsbustader i tilknyting til Tysnes omsorgssenter ligg inne med midlar i 2025. Investeringstilskotet til denne type bustader, gitt gjennom Husbanken, ser ut til å gå ut av statsbudsjettet for 2023. Det er likevel lagt til grunn i denne økonomiplanen at tilskotet kjem tilbake og det ligg inne om lag 50 % finansiering gjennom investeringstilskot. Prosjektet er ikkje utgreidd.

Det vidare arbeidet knytt til nytt småtrinn på Gjerstad og ombygging av Uggdal skule til barnehage ligg inne med finansiering til planlegging i 2024 og utføring i 2025 og 2026. Prosjektet er i mindre grad utgreidd.

Bustadfelt i Uggdal ligg inne med oppstart av planlegging i 2023 og vidare utføring fortløpende etter det. Prosjektet er ikkje utgreidd.

Prosjekta for statleg sikring av Peralio friluftsområde og aktivitetspark ved Kyrkjevatnet er to nye prosjekt som vert gjennomført av oss, men som er fullfinansiert med eksterne midlar.

Det ligg inne midlar til ein ny plasthall i Eredalen. Teknisk drift og vedlikehald har fleire lager på ulike lokasjonar, samt at brannvesenet har behov for lagerplass som i tidlegare økonomiplanar har vore inne som eit eige prosjekt. Tiltaket er planlagt som eit u-isolert lager, der det som trengs å stå i oppvarma lager vert plassert i eksisterande plasthall. Vidare kan nokon av lagera derfor seljast og prosjektet må derfor sjåast i samanheng med inntekta frå sal av grunn og eigedom. Prosjektet er i mindre grad utgreidd.

6.3 EKSISTERANDE BYGG OG ANLEGG

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Eksisterande bygg og anlegg						
Rehabilitering av symjehallen	16 000 000	1 000 000		15 500 000		16 500 000
Spyleplass i Eredalen med oljeoppsamler	Årsprosjekt		300 000			300 000
Utviding av kontorkapasitet i rådhuset	2 800 000	2 650 000				2 650 000
Påbygg Vågsmarka barnehage	Årsprosjekt			1 250 000		1 250 000
Oppgradering av uteområde på Onarheim skule	1 500 000			750 000	750 000	1 500 000
Oppgradering av uteområdet i Lunde barnehage	Årsprosjekt		375 000			375 000
Vegg mellom vrimlehall og tribune i Tysneshallen	Årsprosjekt				900 000	900 000
Oppgradering av grøntanlegg og hovedinngang ved rådhuset	Årsprosjekt			287 500		287 500
Enøk-tiltak i eksisterande bygg	Årsprosjekt	500 000				500 000
Sum Investeringar i eksisterande bygg og anlegg	4 150 000	675 000	17 787 500	1 650 000	24 262 500	

Ombygginga av garderobar i symjehallen ligg inne med planlegging i 2023 og utføring i løpet av 2025. Under arbeidet med nytt mellomtrinn ved Tysnes skule er det avdekkta fleire svakheiter med bygningsmassen og det må pårekna vesentleg meir arbeid enn tidlegare planlagt prosjekt som gjekk på opprusting av garderobeanlegget. Ein større oppgradering av tekniske anlegg ligg også inne i prosjektet slik at anlegget kan ta i mot varme frå varmesentralen som vert etablert i det nye mellomtrinnet. Prosjektet er ikkje utgreidd.

Prosjektet for utviding av kontorkapasitet på rådhuset vert vidareført i 2023 og prosjektet er under arbeid. Utvidinga er planlagt innafor den eksisterande bygningsmassen. Prosjektet er i mindre grad utgreidd.

Det ligg inne eit prosjekt i Vågsmarka barnehage i 2025 til eit påbygg for å utvide og forbetre kontor- og personalavdelinga. Prosjektet er ikkje utgreidd.

Uteområdet ved Onarheim skule ligg også inne med ei oppgradering av uteområdet med nytt leikeapparat og fleire mindre tiltak for å forbetra dette. Prosjektet er ikkje utgreidd.

For Tysneshallen ligg det inne eit prosjekt med å etablera ein tett vegg mellom vrimlehallen og idrettshallen. Prosjektet bør også sjå på andre tiltak for å betre utnytta bygningsmassen. Det er estimert ei ekstern finansiering på 600 000 til prosjektet.

For komande år er det lagt inn ein samlesum for enøk-tiltak i eksisterande bygningsmasse. Denne er planlagt til tiltak som er relativt enkle å gjennomføra og som gjer ein innsparing i energiforbruk. Dette kan til dømes vera varmepumper og nye dører eller vindauge. Denne summen er mogleg å justera opp eller ned i løpet av budsjettarbeidet.

6.4 IKT OG APPLIKASJONAR

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
IKT og applikasjoner						
Oppgraderingar i IKT infrastruktur	Årsprosjekt	669 000	695 000	596 000		1 960 000
Fagsystem sosiale tenester	Årsprosjekt	250 000				250 000
Fagsystem barnevern	Årsprosjekt	312 500				312 500
Fagsystem byggesak (eByggesak)	Årsprosjekt	262 500				262 500
Migrering av AD-kontrollarar	Årsprosjekt	650 000				650 000
Framsikt (økonomiplan og årsbudsjett)	Årsprosjekt	150 000				150 000
Sum IKT og applikasjoner		2 294 000	695 000	596 000	-	3 585 000

I økonomiplanen vert det satsa vidare på å oppgradera Tysnes kommune sin IKT infrastruktur. I 2022 er dette hovudsakeleg knytt til anskaffing av oppgradert nettverksutstyr. Prosjektet er svært godt utgreidd for 2023.

Vidare ligg det inne ei rekke fagsystem der kostnader til implementering vert ført i investeringsrekneskapen.

6.5 EIGEDOM, BUSTAD OG NÆRING

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Eigedom, bustad og næring						
Kjøp av grunn og eigedom	Årsprosjekt	500 000	2 000 000			2 500 000
Sal av grunn og eigedom	Årsprosjekt	-6 400 000				-6 400 000
Sum Eigedom, bustad og næring		-5 900 000	2 000 000	-	-	-3 900 000

Under kjøp av grunn og eigedom ligg det midlar til kjøp av grunn i Svevågen som me antar vil koma i 2024. Det ligg også inne nokon midlar i komande år, primært til å førebu dette kjøpet.

For sal av grunn og eigedom ligg det inne og realisera sal på gjennomgangsbustad på Jensvoll og nokre av kan vurderast om desse bør erstattast med tilsvarende nye leilegheiter utleigeobjekta til kommunen før dei vil krevja omfattande vedlikehald. Det.

6.6 ENKELTINNKJØP OG ANDRE INVESTERINGAR

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Enkeltinnkjøp og andre investeringar						
Utbetring nødnett i Eredalen	Årsprosjekt	150 000				150 000
Brannbåt	Årsprosjekt		1 625 000			1 625 000
Vaktbil brannvesenet	Årsprosjekt	825 000				500 000
Sum Enkeltinnkjøp og andre investeringar	975 000	-	1 625 000	-	-	2 275 000

Brannvesenet nyttar nødnett til kommunikasjon med kvarandre og 100-sentralen. I periodar verkar ikkje dette i og ved brannstasjonen og mannskapet kan gå glipp av viktig informasjon i samband med utrykkinga. DSB er tenesteleverandør for nødnett og me vil forsøke å få dei til å utbetre dekningsproblematikken, men det kan hende det blir naudsynt for Tysnes kommune og kjøpe utstyr eller ta del i finansieringa av tiltak for å utbetre dekninga. Prosjektet er ikkje utgreidd.

Det ligg inne midlar til å kjøpe vaktbil i 2023. Bilen vert nytta av personen som har vakt og gjer denne ressursen moglegheit til å køyre utrykking med blålys til brannstasjonen. Leasingavtalen på vaktbilen som brannvesenet nyttar i dag går ut, men me ser at bilen vert køyrd relativt lite og at det derfor kan vera hensiktsmessig å eige bilen framfor å lease på nytt.

6.7 VASSFORSYNING

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Vassforsyning						
Utviding og oppgradering av leidningsnettet	2 225 000	725 000	312 500	625 000		1 662 500
Nytt reinseanlegg i Uggdal	Årsprosjekt		3 750 000			3 750 000
Nye høgdebasseng i Våge og Uggdal	14 530 000		248 750	8 031 250	6 250 000	14 530 000
Sum vassforsyning		725 000	4 311 250	8 656 250	6 250 000	19 942 500

For 2023 er det planlagt fleire oppgraderinger i leidningsnettet for vassforsyning. Tiltaket med høgst prioritet og kostnad er ny infrastruktur og kryssing av fylkesvegen i Søreidsvågen. Vidare ligg det inne midlar til meir sensorikk i forsyningsnettet for å kunne avdekka lekkasjar og andre driftsutfordringar på nettet. Prosjektet er godt utgreidd.

6.8 AVLØP OG VASSMILJØ

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Avløp og vassmiljø						
Ny slamavskiljar m.m ved hovedkloakk Lunde	2 550 000	2 300 000				2 300 000
Oppgradering slamavskiljar og utsleppsleidning ved Sauabakkane	2 250 000	2 000 000				2 000 000
Oppgradere leidningsnett Lundehagen 2	Årsprosjekt		500 000			500 000
Oppgradering eldre pumpestasjonar for spillvatn	500 000		250 000	250 000		500 000
Sum avløp	4 300 000	750 000	250 000	-		5 300 000

Ved hovudkloakk Lunde må eksisterande slamavskiljar oppgraderast og truleg relokaliseras for å fungera tilfredstillande.

Ein oppgradering av slamavskiljar og utsleppsleidning ved Sauabakkane er naudsynt for å løyse driftsutfordringar, spesielt ved flo sjø. Prosjektet er i mindre gra utgreidd.

6.9 KOMMUNALE VEGAR

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Kommunale vegar						
Trafikksikring etter trafikksikringsplanen	1 975 000	100 000		2 000 000		2 100 000
Asfaltering av kommunale grusvegar	2 000 000	500 000				500 000
Etablering og oppgradering av kantsikring på kommunale vegar	6 875 000		1 875 000	2 500 000		4 375 000
Truck til lasting og lossing i Eredalen	Årsprosjekt				375 000	375 000
Oppgradering av veg i Vågsneset	Årsprosjekt			625 000		625 000
Oppgradering og utviding av veg til Solheimsdalen	Årsprosjekt			1 875 000		1 875 000
Oppgradering og utviding av veg til Sletteskog	Årsprosjekt				375 000	375 000
Fartsreduserande tiltak i byggjefelt	Årsprosjekt				250 000	250 000
Kosteaggregat til traktor	Årsprosjekt	500 000				500 000
Sum kommunale vegar	600 000	2 375 000	7 000 000	1 000 000	10 975 000	

Under trafikksikring etter trafikksikringsplanen ligg det inne midlar til å etablere gangfelt og gateljos mellom Hagareset og fylkesvegen etter prioriteringar i trafikksikringsplanen. Me ser at me treng ein oppdatert reguleringsplan i området for å kunna gjennomføra det naudsynte grunnervervet for å gjennomføra tiltaket. Prosjektet er godt utgreidd.

6.10 OPPSUMMERING OG FINANSIERING

I økonomiplanperioden er det lagt opp til eit høgt nivå av investeringar med totalt over 267 millionar i perioden.

I 2023 er det lagt opp til investeringar for om lag 6 700 kroner per innbyggjar, mot eit gjennomsnitt på om lag 23 000 for heile perioden. Dersom me samanliknar oss med resten av landet (utan Oslo) er gjennomsnittet for 2021 på kr 13 469 per innbyggjar.

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Finansiering						
Låneopptak	14 540 311	47 424 311	84 183 704	46 721 904		192 8700 229
Mva-refusjon	3 538 089	11 612 939	25 481 046	11 578 096		52 210 171
Overført frå drift	700 000	700 000	700 000	700 000		2 800 000
Refusjon utbyggingsavtale Landavegen	201 600					201 600
Tilskot til tiltak (Tysnes Kraftlag, spelemidlar, gåver osb.)	883 000			600 000		1 483 000
Tilskot frå Husbanken til omsorgsbustader			18 750 000			18 750 000
Total investering	19 863 000	59 737 250	129 114 750	59 600 000		268 315 000

Etter refusjonar knytt til meirverdiavgift, utbyggingsavtalar og andre tilskot vert det eit låneopptak på mellom 14 og 85 millionar kvart år gjennom åra i økonomiplanperioden. Det syner oss at trass i at me er dei seinare åra har gjennomført tunge investeringar, har me fortsett eit høgt nivå av lånefinansierte investeringar som i neste omgang vil gje oss mindre økonomisk fridom til gjennomføringa av drifta.

7 ØKONOMISKE RAPPORTAR

Økonomisk oversikt - Drift

Tysnes kommune 2023 - 2026

Tal i 1000 kroner	Tal i 1000 kr					
	Budsjett 2023	Opprinnelige budsjett 2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
DRIFTSINNTEKTER						
Rammetilskot	-129 519	-123 182	-105 760	-132 757	-136 076	-139 478
Inntekts- og formuesskatt	-113 054	-102 979	-125 323	-115 880	-118 777	-121 747
Eigedomsskatt	-10 500	-10 500	-10 484	-10 500	-10 500	-10 500
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-4 813	-8 725	-5 883	-4 934	-5 057	-5 184
Overføringer og tilskot frå andre	-26 345	-20 897	-44 120	-27 004	-27 679	-28 371
Brukarkebetaling	-12 142	-13 072	-11 940	-12 445	-12 757	-13 075
Sals- og leigeinntekter	-31 586	-26 973	-26 508	-32 376	-33 186	-34 015
Sum driftsinntekter	-327 960	-306 328	-330 019	-335 897	-344 032	-352 370
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	178 817	165 447	165 289	183 287	187 870	192 566
Sosiale utgifter	45 979	43 261	35 264	47 128	48 306	49 514
Kjøp av varer og tenester	67 399	61 269	87 657	69 084	70 811	72 582
Overføringer og tilskot til andre	15 482	15 798	20 155	15 869	16 266	16 672
Avskriving	15 263	15 119	13 386	16 068	19 425	21 055
Sum driftsutgifter	322 940	300 895	321 750	331 437	342 678	352 389
Brutto driftsresultat	-5 020	-5 434	-8 268	-4 460	-1 354	19

Tal i 1000 kroner	Opprinnelige budsjett		Rekneskap 2021		Budsjett 2025	Budsjett 2026
	Budsjett 2023	budsjett 2022		Budsjett 2024		
FINANS - INNTEKT OG UTGIFTER						
Renteinntekter	-1 445	-944	-1 111	-1 481	-1 518	-1 556
Utbytte	-320	0	-478	-328	-336	-345
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9 991	4 719	3 468	10 372	11 529	14 046
Avdrag på lån	12 218	14 539	9 459	12 686	14 192	16 471
Netto finansutgifter	20 444	18 315	11 338	21 249	23 867	28 617
Motpost avskriving	-15 263	-15 119	-13 386	-16 068	-19 425	-21 055
Netto driftsresultat	161	-2 238	-10 317	721	3 088	7 581
<i>Netto driftsresultat i %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,7 %</i>	<i>3,1 %</i>	<i>-0,2 %</i>	<i>-0,9 %</i>	<i>-2,2 %</i>
<i>Disponering eller dekking av netto driftsresultat</i>						
Overføring til investering	700	700	664	718	735	754
Netto avsetning eller bruk av bundne driftsfond	-440	-914	789	-451	-463	-474
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	-332	-1 837	8 863	-341	-349	-358
Avsetjing årets budsjetterte mindreforbruk	0	4 289	0	0	0	0
Inndekking årets budsjetterte meirforbruk	-88	0	0	-647	-3 012	-7 503
Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat	-161	2 238	10 317	-721	-3 088	-7 581
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt drift

Tysnes kommune 2023 - 2026

Tal i 1000 kr

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2023	Opprinnelig budsjett			Budsjett	
		2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2024	2025	Budsjett 2026
DRIFTSINNTEKTER						
Rammetilskot	-129 519	-123 182	-105 760	-132 757	-136 076	-139 478
Inntekst- og formuesskatt	-113 054	-102 979	-125 323	-115 880	-118 777	-121 747
Eigedomsskatt	-10 500	-10 500	-10 484	-10 500	-10 500	-10 500
Andre generelle driftsinntekter	-74 887	-8 725	-5 883	-76 759	-78 678	-80 645
Sum generelle driftsinntekter	-327 960	-245 386	-247 449	-335 897	-344 032	-352 370
DRIFTSUTGIFTER						
Sum bevilgning drift, netto	307 677	224 833	225 795	315 369	323 253	331 334
Avskriving	15 263	15 119	13 386	16 068	19 425	21 055
Sum netto driftsutgifter	322 940	239 953	239 181	331 437	342 678	352 389
Brutto driftresultat	-5 020	-5 433	-8 268	-4 460	-1 354	19
Renteinntekter	-1 445	-944	-1 111	-1 481	-1 518	-1 556
Utbytte	-320	0	-478	-328	-336	-345
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9 991	4 719	3 468	10 372	11 529	14 046
Avdrag på lån	12 218	14 539	9 459	12 686	14 192	16 471
Netto finansutgifter	20 444	18 315	11 338	21 249	23 867	28 617
Motpost avskriving	-15 263	-15 119	-13 386	-16 068	-19 425	-21 055

Netto driftsresultat	161	-2 238	-10 317	721	3 088	7 581
Disponering eller dekking av netto driftsresultat						
Overføring til investering	700	700	664	718	735	754
Netto avsetting til eller bruk av bundne driftsfond	-440	-914	789	-451	-463	-474
Netto avsetting til eller bruk av disposisjonsfond	-332	-1 837	8 863	-341	-349	-358
Avsetjing årets budsjettettede mindreforbruk	0	4 289	0	0	0	0
Inndekning årets budsjettettede meirforbruk	-88	0	0	-647	-3 012	-7 503
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat	-161	2 238	10 317	-721	-3 088	-7 581
	0	0	0	0	0	0

Økonomisk oversikt - Investering Tysnes kommune 2021

Tal i 1000 kroner	Tal i 1000 kr					
	Budsjett 2023	Opprinnelige budsjett 2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Investering i varige driftsmidler	25 563	39 688	81 337	59 037	128 415	58 900
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0
Investering i aksjer og deler i selskap	700	700	664	700	700	700
Utlån av eigne midlar	0	0	1 995	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	1 821	0	0	0
Sum investeringsutgifter	26 263	40 388	85 818	59 737	129 115	59 600

Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 538	-6 012	-15 655	-11 613	-25 481	-11 578
Tilskot frå andre	-1 085	-2 136	-2 100	0	-18 750	-600
Sal av varige driftsmidlar	-6 400	-2 750	-4 033	0	0	0
Sal av finansielle driftsmidlar	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Motteke avdrag på utlån av eigne midlar	0	0	-2 753	0	0	0
Bruk av lån	-14 540	-28 790	-65 380	-47 424	-84 184	-46 722
Sum investeringsinntekter	-25 563	-39 688	-89 921	-59 037	-128 415	-58 900
Vidareutlån	5 000	0	0	5 000	5 000	5 000
Bruk av lån til vidareutlån	-5 000	500	0	-5 000	-5 000	-5 000
Avdrag på lån til vidareutlån	2 169	1 800	0	2 169	2 169	2 169
Motteke avdrag på vidareutlån	-2 169	-2 300	0	-2 169	-2 169	-2 169
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	-700	-700	-664	-700	-700	-700
Netto avsetting til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	931	0	0	0
Netto avsetting til eller bruk av ubundne investeringsfond	0	0	3 836	0	0	0
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettinger	-700	-700	4 103	-700	-700	-700
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0	0	0